

Årsmelding 2004

1 INNLEIING	3
1.1 Melding frå seksjonsleiarane om arbeidsåret 2004	3
1.2 Melding frå interimsstyret	6
1.3 Medlemmer og varamedlemmer i Norsk språkråd 2000–2004	7
1.4 Styre, interimsstyre, fagnemnd og sekretariat	10
1.5 Stadnamntenesta	12
2 OMDANNING AV NORSK SPRÅKRÅD	13
2.1 Omdanningsprosessen	13
2.2 Utgreiing om ein ny norsk språkpolitikk	14
2.3 Oppheving av lov om Norsk språkråd	14
3 NORMERING	15
3.1 Normeringsvedtak 1996–2003 i Norsk språkråd	15
3.2 Normeringsvedtak i 2004 i Norsk språkråd	15
3.3 Rekkjefølgja av teikn ved hermeteikn	16
3.4 Transkripsjon av bulgarsk, kviterussisk, makedonsk og ukrainsk	16
3.5 Normeringsarbeid i det nye språkgorganet?	20
4 TERMINOLOGI	20
4.1 Nasjonal strategikonferanse om terminologi og fagspråk	20
4.2 Skipping av ei faggruppe for terminologi	21
5 SPRÅKSTYRKING	21
5.1 Forskingsstimulering	22
5.2 Barn og unge	22
5.3 Høgskular og universitet, forskning og høgare utdanning	22
5.4 Arbeidsliv og næringsliv	23
5.5 Ordsamia	23
6 NORSK SPRÅK OG IKT	24
6.1 Oppfølging av handlingsplanen for norsk språk og IKT	24
6.2 Norsk ordbank	25
6.3 Dataterminologi	25
7 LÆREMIDDELGRANSKING	26
7.1 Godkjenning av skuleordlister	26
8 SPRÅKLEG JAMSTILLING	26
8.1 Lov om målbruk i offentleg teneste	26
8.2 Sidemålsopplæringa i Oslo-skulen	27
9 STADNAMNTENESTA	27
9.1 Arbeidsoppgåver	28
9.2 Møte og konferansar der stadnamntenesta har vore representert	28
9.3 Publisering	29
9.4 Anna	29
9.5 Klagenemnda for stadnamnsaker	29
10 FORSKINGS- OG UTVIKLINGSARBEID	30
10.1 Arbeidet med nyordsboka for perioden 1976–1999	30
11 NORDISK OG INTERNASJONALT SAMARBEID	30
11.1 Nettverk for språknemndene i Norden	30

11.2	NorDokNet – Nordisk nettverk for språkteknologi.....	31
11.3	Nordisk nettordbok og søkjemotor.....	32
11.4	Nordiske forskingsprosjekt.....	32
11.5	Nordisk terminologisamarbeid.....	32
11.6	Nordiske konferansar.....	34
11.7	Den europeiske terminologiforeininga EAFT.....	34
11.8	Samarbeid med EU.....	35
12	RÅDGJEVING OG INFORMASJON.....	36
12.1	Rådgjeving.....	36
12.2	Publikasjonar.....	36
12.3	Nye nettsider.....	36
12.4	Språkspalte i <i>Norsklæraren</i>	37
12.5	Nyheitsovervaking.....	38
12.6	Interaktivt kurs i nynorsk.....	38
12.7	Besøk av skuleelevar, studentar og andre.....	38
13	HØYRINGSFRÅSEGNER.....	38
13.1	Kvensk – språk eller dialekt?.....	38
13.2	Endringar i kapittel 3 i samelova.....	39
13.3	Næringspolitikk for elektronisk innhald.....	40
13.4	Open programvare i Noreg.....	41
14	ANNA VERKSEMD.....	41
14.1	Standard Norge.....	41
14.2	Hundreårsmarkeringa 1905–2005.....	41
15	ADMINISTRASJON.....	42
15.1	Budsjett og rekneskap for 2004.....	42
15.2	Møte i råd, styre, interimsstyre og fagnemnd.....	43
15.3	Oppdatering av biblioteket.....	43
15.4	Arkivet i Norsk språkråd.....	43
15.5	Flytting til nye lokale.....	44
15.6	Oppgåvene til direktøren.....	44
15.7	Konferansar, seminar og anna der Språkrådet har vore representert eller har stått som arrangør eller medarrangør.....	45
VEDLEGG		
Vedlegg 1	Lov av 18. juni 1971 om Norsk språkråd (oppheva 18. november 2004).....	47
Vedlegg 2	Vedtakter for Norsk språkråd gjeldande frå 12. februar 2004.....	49
Vedlegg 3	Mandat for interimsstyret.....	53
Vedlegg 4	Mandat for strategigruppa.....	54

1 INNLEIING

1.1 Melding frå seksjonsleiarane om arbeidsåret 2004

Språkrådet lagt ned, kva står opp?

2004 har vore det store overgangsåret for Norsk språkråd. Det Norsk språkråd som skulle ha gått av i februar 2004, fekk funksjonstida si forlengd i nær eit år til. Derimot vart styret frå og med årsmøtet i februar 2004 nedlagt, og seksjonsleiarane fungerte som eit overgangsstyre fram til eit nytt interimsstyre kom på plass i juni 2004. Slik sett har me hatt to interimperiodar. Frå 1. januar 2004 fekk Språkrådet òg sin første direktør, Sylfest Lomheim, medan sjølve organiseringa av det nye språkoraganet venteleg først kjem på plass ved utgangen av 2005. Vidare har fagnemnda arbeidd med å avslutta sine oppdrag i denne siste perioden for Norsk språkråd, som altså har vart i fem år. Ved inngangen til 2005 er det ikkje noko eige normeringsorgan i Språkrådet. Overgangsperioden blir ekstra understreka av at me ved årsskiftet 2004/05 framleis venta på at Kultur- og kyrkjedepartementet skulle ta avgjerd om rettskrivingsendringane som Språkrådet tilrådde i 2003 og 2004.

Seksjonsleiarane kan likevel konstatere at omdanninga av Språkrådet til eit meir utettervendt organ går sin gang. Leiarane tek aktivt del i denne prosessen, dels i interimsstyret, dels i strategigruppa, og vil arbeida for å fremja synspunkt som har stått sterkt i dei debattane som rådet har hatt om omorganiseringa. Dei nye nettsidene som styret prioriterte høgt i 2003 og 2004, er komne på plass og er ei klar forbetring for brukarane. Det same gjeld eit kurs i nynorsk på nettet. Arbeidet med å fremja norsk som undervisnings- og forskingspråk har framgang, mellom anna gjennom publiseringa av konferanserapporten *Språk i kunnskapssamfunnet. Engelsk – elitenes nye latin* og forskingsrapporten *Norsk vitenskap – på språklig bortebane*, utarbeidd av Norsk institutt for studier av forskning og utdanning (NIFU). Det er grunn til å gje ekstra honnør til sekretariatet for arbeidet med dette saksområdet. Den nye direktøren har fått høve til å vera aktiv i media, det gjev meir omtale av og innsyn i kva Språkrådet driv med. Som ein del av rådsmøtet i februar inviterte rådet saman med Kultur- og kyrkjedepartementet til ein dagskonferanse om organiseringa av språkpolitikken. Resultatet ligg føre som rapporten *Nye veier i norsk språkpolitikk*, der ein finn viktige tilskot til arbeidet med omdanninga. Frå hausten 2004 er det vidare sett ned ei strategigruppe, som skal meisla ut måla for det nye norske språkoraganet. Ein finn elles stoff om det omfattande arbeidet med omdanninga andre stader i årsmeldinga.

Arbeidet med omdanninga har òg, som rimeleg er, ført til at nokre viktige arbeidsoppgåver har måtta liggja. Me nemner arbeidet med elektronisk arkiv, etablering av ny språkkonsulentteneste i staten, utvikling av e-postforumet Ordsma og arbeid med dataordliste på nettet. Desse arbeidsfelte er òg difor i ein overgangssituasjon.

Språkpolitikk

I interimperioden har det vore lite grunnlag for sjølvstendige, utetterretta språkpolitiske initiativ frå dei avtroppande leiarane. I nokre viktige saker kunne Språkrådet ha vore meir aktivt og tidlegare ute med reaksjonar. Me nemner saka om støtte til

norskspråklege lærebøker, innspel til arbeidet med kvalitetsreforma i Utdanningsdepartementet, sidemålssaka i Oslo-skulen osv. I kulturmeldinga la regjeringa språkbanksaka til sides inntil vidare, og berre eit mindretal på Stortinget ynskte å ta ho opp att. Den saka har altså ikkje kome vidare i året, og det er uheldig for norsk språk.

I februar kom Språkrådet sterkt i medielyset gjennom den såkalla beiken-feiden. Fagnemnda la fram eit trettitals framandord der dei tilrådde ein fornorska skrivemåte attåt den som blir vanleg brukt. Sjølve faneordet vart *bacon*, med den valfrie forma *beiken*. Desse få valfrie formene førde mellom anna til at fleire politikarar på Stortinget ville avvikla rådet. Ein artikkel av ukjent opphav som harselerte over Språkrådet, vart trykt som leiar eller kommentar i fleire regionaviser. Nokre kjende spaltistar gjekk òg til felts mot det dei opplevde som eit supperåd. Men samstundes kom det tung støtte til Språkrådet: "Et språkråd som ikke provoserer, gjør ikke jobben sin," stod det i ein leiar i Dagbladet. Også leiarar i Dagsavisen, Stavanger Aftenblad og Bergens Tidende gav støtte til arbeidet, likeins framstående kommentatorar i riksavisene. Alt i alt meiner me Språkrådet kom godt ut av denne debatten.

Rådsforsamlinga til Norsk språkråd har ikkje hatt nokon funksjon i året som gjekk, trass i at rådsperioden vart forlengd, i praksis fram til årsskiftet 2004/05. Seksjonsleiarane ynskte at det skulle vera eit avsluttande årsmøte i rådet, der me behandla innstillinga frå fagnemnda og elles avslutta det siste funksjonsåret på vanleg måte. Dette gjekk departementet mot, og det har seksjonsleiarane beklaga sterkt i eit eige brev. Ut frå denne situasjonen har seksjonsleiarane, som ansvarlege for rådet, behandla vedtaka frå fagnemnda i 2004. Vedtaka blir kunngjorde mellom anna på nettsidene til Språkrådet, og ei grunningjeving for behandlingmåten ligg føre i årsmeldinga.

Eit kort tilbakeblikk på femårsperioden

Den siste femårsperioden i soga åt Norsk språkråd har gjeve store, men etter vårt syn nødvendige endringar. Arbeidsplanane som har vore vedtekne, avspeglar ynske om både ei dreining av kva som skal vera prioriterte språkpolitiske oppgåver og ynske om administrative endringar. Rådsforsamlinga som gjekk av 31. desember 2004, har fått departementet med på å starta ei stor omorganisering. Administrativt har dette ført til at to kontorsjefstillingar har vorte til ei direktørstilling. Det har kome på plass ein kompetanseutviklingsplan og arbeidsavtalar for dei tilsette. Rådet fekk ikkje gjennomslag for ynsket om å oppnemna ein språkkommisjon, men den strategigruppa som interimsstyret har oppnemnt, fyller langt på veg ein del av dei same funksjonane.

Den viktigaste utviklinga i språkpolitikken er at det noverande rådet har slutført eit stort arbeid med å laga framlegg til nye rettskrivingsnormalar for dei to målformene. Tanken er at det nye organet skal sleppa diskusjonar om nye rettskrivingsendringar dei næraste åra, bortsett frå nødvendig løpande normering og vidareføring av norvageringsarbeidet. Styret vedtok tidleg i perioden ein plan for styrking av norsk språk og gjorde dette arbeidet til ei hovudsak. Me ser med glede at denne prioriteringa blir ført vidare og styrkt i planane for det nye språkorganet. Det same gjeld understrekinga av at nynorsken treng offentleg støtte for å kunna halda seg oppe som eit fullverdig, nasjonalt skriftspråk.

På området språk og IKT er me overraska over nedprioriteringa i Kultur- og kyrkje-departementet. Trass i solid utgreiingsarbeid og konkrete planverk har det ikkje kome pengar til å gjennomføra ein norsk språkbank. Både norsk forskning, norsk skriftkultur og norsk næringsliv lir under dette.

Norsk språkråd har elles hatt vanskeleg for å nå fram med synspunkta sine hjå Utdannings- og forskingsdepartementet. Me vil understreka at det er heilt nødvendig å få betre og meir forpliktande samarbeid her, dersom det offentlege arbeidet for språket skal ha framgang.

Takk!

I samsvar med vedtak i Stortinget vart Norsk språkråd lagt ned frå og med 1. januar 2005. På vegner av rådsforsamlinga som gjekk av, vil me få takka for dei spennande oppgåvene som rådet har fått å arbeida med i femårsperioden, og ynskja det nye kompetanseorganet for norsk språk lukke til med arbeidet.

Jan Olav Fretland

Ola Haugen

1.2 Melding frå interimsstyret

Kultur- og kyrkjedepartementet oppnemnde i brev 2. juni 2004 interimsstyret for det nye språkkorganet.

Leiar er Tove Kristin Karlsen, administrerande direktør ved Noregs musikkhøgskole. Medlemmer: redaktør og journalist Marit Eikemo, Syn og Segn og Bergens Tidende, førsteamanuensis Jan Olav Fretland, Høgskulen i Sogn og Fjordane, administrerande direktør Tor Fuglevik, Norges Televisjon AS, direktør Ola Haugen, J.W. Cappelens Forlag AS, leiar Magni Øvrebotten, Nynorsk mediesenter, Førde og professor Øyvind Østerud, Institutt for statsvitskap, Universitetet i Oslo.

Interimsstyret hadde eit oppstartseminar i månadsskiftet juni/juli. Jan Olav Fretland og Ola Haugen orienterte om arbeidet i Norsk språkråd. Særleg vart det informert om dei debattane som har vore i rådet og styret når det gjeld omdanninga av organet, og kulturmeldinga og andre viktige dokument vart refererte.

Interimsstyret har hatt tre ordinære styremøte etter dette – 20. september, 26. oktober og 30. november.

Den viktigaste saka på det første møtet var å setja i gang arbeidet med ein ny norsk språkpolitikk. Mandatet for arbeidet vart vedteke samrøystes, det vart òg oppnemninga av medlemmer til strategigruppa (jf. pkt. 2.2). På det andre møtet stod mellom anna avviklinga av rådet og behandlinga av normeringsframlegga i departementet på saklista. Møtet i november var budsjettmøte. Då vart det òg oppnemnt ei faggruppe for terminologi, og det vart samrøystes vedteke eit forslag til namn på det nye organet. Forslaget vart sendt over til departementet i desember. Departementet gjev svar i namnesaka i 2005.

Tove Kristin Karlsen
styreleiar

1.3 Medlemmer og varamedlemmer i Norsk språkråd 2000–2004

Oppnemnd av:	Medlemmer:	Varamedlemmer:
Norske universitet og vitenskaplege høgskular ved Universitets- og høgskolerådet	Professor Gulbrand Alhaug (nyno.) Professor Jan Terje Faarlund (nyno.) Professor Helge Sandøy (nyno.) Professor Helge Dyvik (bm.) Professor Brit Mæhlum (bm.) Professor Kjell Ivar Vannebo (bm.)	Førsteamanuensis Ola Stemshaug Førsteamanuensis Arnbjørg Hageberg Professor Else Mundal Amanuensis Ivar Utne Professor Endre Mørck Professor Ruth Vatvedt Fjeld Logoped Håkon Askeland
Grunnskulen ved sin lærarorganisasjon	Assisterande informasjonssjef Jan Olav Bruvik (nyno.) Utgreiingsleiar Marit Dahl (bm.)	Studierektor Torill Scharning Lund
Den vidaregåande skulen, folkehøgskulen og lærarhøgskulen ved sine lærarorganisasjonar	Lektor Kari Haave (nyno.) Høgskulelektor Harald Morten Iversen (bm.)	Dagleg leiar Dag Wollebæk Adjunkt Gunnar Gjevre
Landslaget for norskundervisning	Lektor Olav Veka (nyno.) Professor Jan Svennevig (bm.)	Førstelektor Synnøve Skjong Høgskulelektor Hildegunn Otnes

Den norske Forfatterforening	Forfatter Åsmund Forfang (nyno.) Forfatter Oddmund Hagen (nyno.) Forfatter Aud Korbøl (bm.) Forfatter Hanne Ørstavik (bm.)	Forfatter Eva Jensen Forfatter Helga Eriksen Forfatter Erling Pedersen Forfatter Morten Øen
Norsk faglitterær forfatter- og oversetterforening	Førstelektor Norunn Askeland (nyno.) Forfatter Guri Hjeltnes (bm.)	Journalist John Stanghelle Generalsekretær Trond Andreassen
Norsk Oversetterforening, Statsautoriserte translatorers forening og Oversetterutvalget i Norsk faglitterær forfatter- og oversetterforening	Statsautorisert translator Aud Martha Lima (nyno.) Omsetjar Aud Greiff (bm.)	Fjernsynstekstar Anne Margrethe Standal Professor Trond Berg Eriksen
Den norske Forleggerforening	Forlagsredaktør Olav Væhle Hauge (nyno.) Direktør Ola Haugen (bm.)	Forlagsredaktør Inger Vederhus Hovudkonsulent Ivar Havnevik
Norsk Presseforbund	Redaktør Asgeir Olden (nyno.) Redaktør Per Egil Hegge (bm.)	Frilansjournalist Lars Aarønæs Redaktør Marit Aschehoug
Norsk rikskringkasting ved styret	Programredaktør Bjarne Grevsgard (nyno.)	Programsekretær Ragnhild S. Fjørtoft

Riksmålsforbundet	Programsekretær Bjørge Gaathaug (bm.) Førsteamanuensis Tor Guttu (bm.) Lektor Erik Gjestvang (bm.)	Kanalsjef Nils Heldal Statsautorisert translatør Per A.H. Jakhelln Lektor Hilde Sejersted
Det Norske Akademi for Sprog og Litteratur	Professor John Ole Askedal (bm.) Professor Arthur O. Sandved (bm.)	Førstelektor Ole Michael Selberg Teatersjef Nils Heyerdahl
Noregs Mållag	Forskar Oddrun Grønvik (nyno.) Førsteamanuensis Johan Myking (nyno.)	Lektor Turid Kleiva Førstekonsulent Tor Erik Jenstad
Det Norske Samlaget	Førsteamanuensis Jan Olav Fretland (nyno.)	Underdirektør i NHD Kari Bjørke
Norsk Mål- dyrkingslag	Lektor Kari Lønning Aarø ¹ (nyno.)	
Landslaget for språklig samling	Professor Lars S. Vikør (nyno.) Førsteamanuensis Arne Torp (bm.)	Professor Rolf Theil Stipendiat Ellen Skolseg
Norsk Skuespiller- forbund	Skodespelar Arnhild Litleré (nyno.) Skodespelar Tina Hartvig (bm.)	Skodespelar Hallvard Lydvo Skodespelar Janne Langaas

¹ Kari Lønning Aarø var varamedlem for Fridtjov Sørbø, som døydde i 2003. Det var ikkje valt nokon ny varamedlem.

1.4 Styre, interimsstyre, fagnemnd og sekretariat

Styret

Medlemmer

Nynorsk

Jan Olav, Fretland, leiar

Kari Haave

Helge Sandøy

Varamedlemmer

Bjarne Grevsgard

Norunn Askeland

Jan Terje Faarlund

Bokmål

Ola Haugen, nestleiar

Björg Gaathaug

Kjell Ivar Vannebo

Arthur O. Sandved

Guri Hjeltnes

Jan Svennevig

Interimsstyret

Medlemmer

Tove Kristin Karlsen, leiar

Marit Eikemo

Jan Olav Fretland

Tor Fuglevik

Ola Haugen

Magni Øvrebotten

Øyvind Østerud

Fagnemnda

Medlemmer

Bokmål

Kjell Ivar Vannebo, leiar

John Ole Askedal

Helge Dyvik

Brit Mæhlum

Varamedlemmer

Arne Torp

Harald Morten Iversen

Tor Guttu

Jan Svennevig

Nynorsk

Helge Sandøy, nestleiar

Norunn Askeland

Jan Terje Faarlund

Olav Veka

Johan Myking

Asgeir Olden

Lars S. Vikør

Åsmund Forfang

Sekretariatet

Direktør:	Sylfest Lomheim (frå 1.1.04)
Administrativ nestleiar:	Marit Hovdenak (frå 1.1.04)
Rådgjevarar:	Torbjörg Breivik Ingrid Førberg Dahlø Trine Gedde-Dahl, (førstekonsulent før 1.6.04) (60 %-stilling til 14.8.04, permisjon 15.8.04–31.7.05) Jon Grepstad Jan Hoel (100 %-stilling 1.1.–31.10.04, 75 %-stilling frå 1.11.04) Svein Nestor Åsta Norheim Eilov Runnestø (førstekonsulent før 1.6.04) Dag Finn Simonsen Jostein Stokkeland
Førstekonsulentar:	Bente Baltzersen (permisjon 1.5.04–31.3.06) Hanne Bergsmark (permisjon frå 1.5.04) Rikke E. Hauge Brynjulf Henriksen Pål Knutzen (80 %-stilling) Sabine Rosenhart (50 %-stilling 6.10.–31.10.04, 100 %-stilling 1.11.–31.12.04) Siri Skaaret (80 %-stilling, frå 1.9.04)
Førstesekretær:	Lars Erik Klemsdal (sekretær før 1.6.04)
Ekstrahjelpar:	Kari Kalland, bibliotekar (28.6.–29.12.04) Vidar Lynghammar, førstekonsulent (26.4.–26.7.04) Turid Nilsen, bibliotekarstudent (100 %-stilling 28.6.–30.9.04, 20 %-stilling 1.10.–17.12.04) Sabine Rosenhart, konsulent (100 %-stilling 1.1.–7.1.04, timelønt 12.2.–1.10.04) Jan R. Tislevoll, førstekonsulent (timelønt)

1.5 Stadnamntenesta

Konsulentar:

Alta:	Irene Andreassen, kvensk (finsk)
Bergen:	Ole-Jørgen Johannessen (bm.) Oddvar Nes (nyno.)
Oslo:	Botolv Helleland (nyno.) Boye Wangenstein (bm.)
Tromsø:	Eva Forsaa Mikkelsen (bm.) Finn Myrvang (nyno.)
Trondheim:	Eli J. Ellingsve (bm.) Ola Stemshaug (nyno.)

Sekretærar:

Rådgjevarar:	Irene Andreassen, Høgskolen i Finnmark (50 %-stilling) Terje Larsen, Universitetet i Oslo
Førstekonsulentar:	Kjersti Bruvoll, NTNU, Trondheim (50%-stilling frå 1.9.04) Ann-Tove Eriksen, Universitetet i Tromsø (50 %-stilling 23.2.–31.12.04) Astrid Sann Evensen, Universitetet i Tromsø (50 %-stilling, permisjon frå 8.3.04) Berit Oksfjellelv, NTNU, Trondheim (50 %-stilling i tida 1.1.–16.7.04) Kjell Erik Steinbru, Universitetet i Bergen (50 %-stilling)

2 OMDANNING AV NORSK SPRÅKRÅD

2.1 Omdanningsprosessen

Frå 1. januar 2005 vart Norsk språkråd erstatta av ein ny institusjon som hittil har vore omtala som eit kompetansesenter for norsk språk. Det er Kultur- og kyrkjedepartementet som har teke initiativ til omdanninga, men allereie i 1995 tok Språkrådet opp med departementet at samansetjinga av rådet var lite formålstenleg. Omdanningsarbeidet kom for alvor i gang i 2003, jf. årsmeldinga frå i fjor.

1. januar 2004 byrja Sylfest Lomheim i Norsk språkråd i ei nyoppretta stilling som *direktør*. I samband med årsmøtet i Språkrådet bad departementet og rådet inn til eit dagsseminar om omorganiseringa på Lysebu. Det ligg føre ein rapport frå seminaret: *Nye veier i norsk språkpolitikk*.

I januar sende departementet ut eit *høyringsdokument* om omdanninga til om lag 300 adressatar. Det kom inn 57 fråsegner. I notatet spurde departementet mellom anna om korleis ein skulle få til ein *samfunnsforankra språkpolitikk*. Nesten halvparten av høyringsinstansane svarde på det. Fleire nemnde at fåtalige utval på spesielle aksjonsområde er ei meir produktiv arbeidsform enn store og laust samansette rådsforsamlingar. Det vart nemnt at ein måte å sikra seg legitimitet og appell på ute i samfunnet, særleg hjå unge språkbrukarar, er å trekkja ulike språkbrukargrupper med i arbeidet til språkorganet. Somme la vekt på å ha eit profesjonelt styre, der det er viktigare med samfunnskompetanse og evne til å treffa gode strategiske val enn filologisk kompetanse. Det var framlegg om å byggja alliansar med andre språklege legitimeringsmiljø, slike som næringslivet, fagrørsla, reklame- og informasjonsbransjen, utdanningsorganisasjonane og fleire. 39 av dei 57 som svarde, nemnde elles at dei gjerne ville samarbeida med det nye språkorganet.

Styret i Norsk språkråd hadde det siste styremøtet sitt 11. februar i 2004. I mai 2004 la departementet fram mandat² for og oppnemnde 2. juni eit *interimsstyre* (jf. pkt. 1.2 ovanfor). Dei sju medlemmene skal saman med direktøren leia omdanningsarbeidet og førebu skipinga av den nye institusjonen. For å sikra ein viss samanheng i overgangsfasen vart dei to seksjonsleiarane i Norsk språkråd medlemmer i interimsstyret.

Rådet: Funksjonstida for det sitjande rådet gjekk ut i februar 2004, men på grunn av omdanninga var det lite høveleg å oppnemna noko nytt råd. Vedtektene for Norsk språkråd vart endra (jf. vedlegg 2), det førde mellom anna til at rådet kunne fungera eit år til. Ved årsskiftet 2004/05 vart den gamle rådsordninga avvikla. *Fagnemnda* hadde tre møte i 2004, men ved årsskiftet gjekk også dette organet i Norsk språkråd ut av saga.

Omdanninga av Norsk språkråd var ei sentral sak for interimsstyret hausten 2004. Den største utfordringa ligg i å få forankra organisasjonsmodellen i samfunnet, og å gjø

² Mandat for arbeidet er teke med under vedlegg 3.

verksemda tilstrekkeleg autoritet. Den øvste leiinga av den nye institusjonen ligg inntil vidare hjå interimsstyret. Først når styret har kome med framlegg til ein tenleg organiseringsmodell, vil departementet ta standpunkt til korleis den nye institusjonen skal innrettast og styrast på permanent basis.

2.2 Utgreiing om ein ny norsk språkpolitikk

Mandatet påla interimsstyret ansvar for å få utarbeidd eit *strategidokument* for ein ny språkpolitikk. Dette dokumentet skulle utforma oppgåver, mål og strategiar for ein nasjonal språkpolitikk. Det skulle vidare skissera kulturpolitiske og utdanningspolitiske verkemiddel og tiltak for å møte dei utfordringane som norsk språk står framfor. Det langsiktige målet er at norsk språk skal vera eit *samfunnsberande skriftspråk* også om hundre år.

Interimsstyret sette ned ei arbeidsgruppe til å ta seg av denne oppgåva og til å få laga eit slikt dokument³. Dei sju medlemmene i denne såkalla *strategigruppa* dekkjer områda språkvitskap, morsmål og skule og stat og samfunn:

professor Gjert Kristoffersen, Avdeling for kultur, språk og informasjonsteknologi, Universitetet i Bergen, leiar
distriktsredaktør Hans-Tore Bjerkaas, NRK Troms og Finnmark
underdirektør Kari Bjørke, Nærings- og handelsdepartementet
førsteamanuensis Jan Olav Fretland, Høgskulen i Sogn og Fjordane og medlem av interimsstyret
professor i praktisk pedagogikk Torlaug Løkensgard Hoel, NTNU, Trondheim
førsteamanuensis Helene Uri, Institutt for lingvistiske fag, Universitetet i Oslo
adjunkt Johanna Ferstad Økland, Risenga ungdomsskule, Asker

Interimsstyret oppnemnde dessutan ei *ressursgruppe* på om lag 40 personar. Dei er inga referansegruppe, men kan bli bedne om å koma med innspel og strategisk tenking på sine felt, eventuelt med skriftlege bidrag. Ressursgruppa har bakgrunn frå mellom anna språkvitskap og språknormering, terminologi og fagspråk, morsmålsdidaktikk, undervisning, utdanningspolitikk og kulturpolitikk, kringkasting og presse, litteratur og forlag, teknologi og samfunnsutvikling.

Strategidokumentet skal presenterast på ein konferanse i Bærum i slutten av oktober 2005. Denne konferansen blir startskotet for den offentlege debatten om dokumentet, som etter konferansen skal gå til styresmaktene til politisk behandling.

2.3 Oppheving av lov om Norsk språkråd

I *Ot.prp. nr. 83 (2003–2004)*, som passerte statsråd 11. juni 2004, gjorde regjeringa framlegg om å oppheva lov om Norsk språkråd. Familie-, kultur- og administrasjonskomiteen la fram *Innst. O. nr. 6 (2004–2005)* til behandling, og Odelstinget vedtok 18. november 2004 å oppheva lov 18. juni 1971 nr. 79 om Norsk språkråd.

³ Mandat for arbeidet er teke med under vedlegg 4.

Av dei instansane som uttala seg om omdanninga av Språkrådet (jf. høyringsrunden pkt. 2.1), var det 17 som meinte at det nye språkorganet burde vera forankra i lov. Men i den nemnde odelstingsproposisjonen skreiv Kultur- og kyrkjedepartementet at det ikkje er noko formelt krav om lovheimel for å etablere den nye institusjonen. Når det nye språkorganet er skipa, og det er fastsett kva for oppgåver det skal ha, blir det vurdert om institusjonen skal forankrast i lov.

3 NORMERING

Ei av hovudoppgåvene for Norsk språkråd har vore å gjera tenlege vedtak om rettskriving og praktiske skrivereglar, og då dette språkorganet vart oppheva frå årsskiftet 2004/05, stod ikkje noko nytt normeringsorgan klar til å ta over etter fagnemnda.

3.1 Normeringsvedtak 1996–2003 i Norsk språkråd

I tidlegare årsmeldingar er det gjort greie for rettskrivingsendringar som Språkrådet har arbeidd med i åra 1996–2003. Brev med omfattande framlegg til vedtak vart sende til Kultur- og kyrkjedepartementet til godkjenning: Oversendinga 16. juni 2003 galdt endringsframlegg frå 1996 til og med 2002, oversendinga 23. mars 2004 inneheldt dei rettskrivingsendringane Språkrådet gjorde i 2003. Departementet rekna med at det ville ta lang tid å behandla ei så stor mengd vedtak, og ved utgangen av 2004 var det ikkje kome melding om noka avslutta behandling⁴.

3.2 Normeringsvedtak i 2004 i Norsk språkråd

Etter avgjerd i Kultur- og kyrkjedepartementet skulle ikkje Norsk språkråd halda noko årsmøte ved avslutninga av den forlengde funksjonsperioden for rådet (2000–2004). Rådet kunne difor ikkje behandla dei normeringsvedtaka som fagnemnda hadde gjort i 2004. For å gje vedtaka ei formell behandling før dei vart sende til departementet til endeleg godkjenning, vart dei lagde fram for dei to seksjonsleiarane. Dette vart gjort i samsvar med dei endra vedtektene for Språkrådet som tok til å gjelda frå 12. februar 2004. Der står det i § 6 første ledd andre punktum: ”Seksjonsleiderne varetar rådet sine kontakt med myndighetene og representerer rådet i tiden mellom rådsmøtene.”

22. desember 2004 hadde seksjonsleiarane Jan Olav Fretland og Ola Haugen eit telefonmøte om normeringsvedtaka som fagnemnda hadde gjort. Nestleiareren i fagnemnda, Helge Sandøy, var tilgjengeleg under møtet for å svara på spørsmål, og alle sakene vart gjennomgått med fagnemndleiareren, Kjell Ivar Vannebo, etter møtet.

Med eitt unntak slutta seksjonsleiarane seg til dei normeringsvedtaka som fagnemnda hadde gjort i 2004. Unntaket galdt skrivemåten for *hidsjab*, der leiarane vedtok å jamstilla *hidsjab* og *hijab*. Grunngevinga frå protokollen 22. desember lyder:

⁴ I brev 16. februar 2005 tok KKD stilling til alle framlegga som er omtala under pkt. 3.1 og 3.2.

”Lederne har lagt til grunn at alle vedtakene i fagnemnda, med unntak av skrivemåten for *hidsjab*, er fattet enstemmig eller med klart flertall, og man har for øvrig ikke funnet normeringspolitiske grunner til å gå imot disse vedtakene.”

Framlegga til vedtak vart deretter, 18. januar 2005, sende frå seksjonsleiarane i det tidlegare Norsk språkråd til Kultur- og kyrkjedepartementet. Dei same rettskrivingsframlegga vart etter ynske frå departementet også behandla i interimsstyret og over-sende 31. januar 2005. Desse framlegga var tekne med i den departementsvurderinga som er nemnd i fotnote 4, og dermed er alle rettskrivingsvedtak som vart gjorde før Norsk språkråd vart nedlagt, behandla i departementet.

3.3 Rekkjefølgja av teikn ved hermeteikn

Mellom hermeteikn (sitatteikn) skal det ikkje stå andre teikn enn dei som høyrer til i den siterte teksten.

Reglane i dag seier mellom anna at når det etter ei sitert setning kjem ei ytringssetning (*sa ho, svarte han* og liknande), skal det stå eit komma før det avsluttande sitatteiknet, jamvel om kommaet ikkje høyrer med til sitatet: *”Kongens Person er hellig,” heiter det i Grunnlova.*

Etter den nye regelen blir det: *”Kongens Person er hellig”, heiter det i Grunnlova.*

3.4 Transkripsjon av bulgarsk, kviterussisk, makedonsk og ukrainsk

Norsk språkråd tilrår at retningslinjene for transkripsjon av ikkje-kyrillisk som følgjer nedanfor (utarbeidde av fagnemnda i 2004), blir brukte ved transkripsjon av namn (personnamn og stadnamn) frå bulgarsk, kviterussisk, makedonsk og ukrainsk.

Bulgarsk

Alfabet og transkripsjonar:

А а	gjev	a
Б б		b
В в		v
Г г		g
Д д		d
Е е		e
Ж ж		zj
З з		z
И и		i
Й й		j
К к		k
Л л		l

М м	m	
Н н	n	
О о	o	
П п	p	
Р р	r	
С с	s	
Т т	t	
У у	u	
Ф ф	f	
Х х	kh	
Ц ц	ts	
Ч ч	tsj	
Ш ш	sj	
Щ щ	sjt	motfør sjtsj for russisk
Ъ ъ	ä	
Ь ь	j/i	j ordinært, men i etter z (< з), s (< с) og ts (< ц); jf.
russisk		
Ю ю	ju/iu	tilsvarande fordeling
Я я	ja/ia	tilsvarande fordeling

Kviterussisk

Alfabet og transkripsjonar:

А а	gjev	a	
Б б		b	
В в		v	
Г г		h	motfør g for russisk
Г г	(ikkje i ru.)	g	
Д д		d	
Дж дж		dzj	
Дз дз		dz	
Е е		je (ie)*	
Ё ё		jo (io)*	
Ж ж		zj	
З з		z	
И и		i	
Й й		j	
К к		k	
Л л		l	
Н н		n	
О о		o	
П п		p	
Р р		r	
С с		s	
Т т		t	

У у		u
Ў ў	(ikkje i ru.)	w
Ф ф		f
Х х		kh
Ц ц		ts
Ч ч		tsj
Ш ш		sj
Ы ы		y
Ь ь		blir ikkje transkribert
Э э		e
Ю ю		ju (iu)*
Я я		ja (ia)*

*E, Ё, Ю og Я blir transkriberte til ie, io, iu og ia etter z, s, ts og dz.

Makedonsk

Alfabet og transkripsjonar:

А а	gjev	a
Б б		b
В в		v
Г г		g
Д д		d
Ѓ ѓ	(ikkje i ru.)	gj
Е е		e
Ж ж		zj
З з		z
С с	(ikkje i ru.)	dz
И и		i
Ј ј	(ikkje i ru.)	j
К к		k
Л л		l
Љ љ	(ikkje i ru.)	lj
М м		m
Н н		n
Њ њ	(ikkje i ru.)	nj
О о		o
П п		p
Р р		r
С с		s
Т т		t
Ќ ќ	(ikkje i ru.)	kj
У у		u
Ф ф		f
Х х		h (som serbisk)

Ц ц		ts
Ч ч		tsj
Ц	(ikkje i ru.)	dzj
Ш ш		sj
'		blir ikkje transkribert

Ukrainsk

Alfabet og transkripsjonar:

А а	gjev	a
Б б		b
В в		v
Г г		h til skilnad frå g for ru.: сніг > snih 'snø, ru. снег > sneg
Ґ ґ	(ikkje i ru.)	g rava > gava 'kråke'
Д д		d
Е е		e
Є є	(ikkje i ru.)	je Євген > Jevhen, jf. ru. Евгений > Jevgenij
Ж ж		zj
З з		z
и		y til skilnad frå i for russisk
І і	(ikkje i ru.)	i
Ї ї	(ikkje i ru.)	ji
Й й		j
К к		k
Л л		l
М м		m
Н н		n
О о		o
П п		p
Р р		r
С с		s
Т т		t
У у		u
Ф ф		f
Х х		kh
Ц ц		ts
Ч ч		tsj
Ш ш		sj
Щ щ		sjtsj
ь		blir ikkje transkribert
ьо		jo
Ю ю		ju
Я я		ja
'		blir ikkje transkribert

3.5 Normeringsarbeid i det nye språkorganet?

Kultur- og kyrkjedepartementet seier i St.meld. nr. 9 (2001–2002) Målbruk i offentlig teneste:

”De fremste språkpolitiske utfordringene dreier seg ikke lenger om de tradisjonelle rettskrivnings- og normeringsspørsmålene, men mer om nødvendige tiltak for språkvern og språkstyrking, herunder å sikre norsk språks status og bruk på ulike samfunnsområder, språklig rådgivning, informasjon og opplysning, utvikling av norsk fagterminologi, spørsmålet om en norsk språkbank, språk og teknologi, tilsyn med den offentlige språkbruk og analyse og evaluering som grunnlag for utvikling og løpende tilpasning av formålstjenlige tiltak.”

Det er enno ope korleis normeringsarbeidet skal drivast i det nye språkorganet. Men som det går fram av sitatet ovanfor, skal normering ha eit mykje mindre omfang enn før.

4 TERMINOLOGI

Eit av arbeidsområda for Språkrådet er å fastsetja skrivemåtar i norsk av utanlandske namn av ulikt slag og å utvikla norske termar, særleg med tanke på allmennspråket. (Jf. pkt. 6.)

4.1 Nasjonal strategikonferanse om terminologi og fagspråk

Språkrådets *nasjonale referansegruppe for terminologiarbeid* skipa i oktober til ein eindags strategikonferanse om terminologi og fagspråk med tittelen *Kven tek ansvaret for terminologien?* Konferansen vart halden i Oslo og samla om lag 50 deltakarar med ulike yrke og frå ulike kantar av landet, men med felles interesse for terminologi og fagspråk.

Konferansen vart opna av leiaren for interimsstyret i Språkrådet, Tove Kristin Karlsen. Det var fire innlegg i ein generell bolk. Førsteamanuensis Johan Myking frå Nordisk institutt ved Universitetet i Bergen gav først eit historisk oversyn over terminologiarbeid i Noreg. Deretter snakka direktør Sylfest Lomheim om Språkrådets strategi for og rolle i nasjonalt terminologiarbeid frametter. Administrerande direktør Anna-Lena Bucher frå Terminologisentrum TNC i Sverige greidde ut om terminologiarbeid i nordisk og anna europeisk perspektiv. Programkoordinator Knut Jonassen frå Standard Norge avslutta den generelle bolken med eit innlegg om eit forprosjekt til konferansen og resultatata av det. Forprosjektet vart utført for og finansiert av Språkrådet.

I den ”sektorvise” bolken av konferansen var det åtte innlegg haldne av personar med ulik yrkesbakgrunn som alle jamleg driv med terminologi eller ofte står overfor terminologiske problemstillingar i arbeidet sitt. Konferansen slutta med paneldebatt.

4.2 Skipping av ei faggruppe for terminologi

Den nasjonale referansegruppa som er nemnd innleiingsvis i det første punktet, vart lagd ned etter den strategikonferansen som der var omtala.

Interimsstyret i det nye Språkrådet ynskjer å gjera terminologi til eit satsingsområde for den nye institusjonen. Styret oppnemnde difor ei ny gruppe i november: *Språkrådets faggruppe for terminologi* ("terminologigruppa"). Det er ikkje meininga at terminologigruppa sjølv skal drive praktisk terminologiarbeid. Mandatet til gruppa er mellom anna å fremja betre informasjonsflyt og terminologitveksling i ulike norske fagmiljø, uttala seg om terminologiske normeringsspørsmål, ivareta det norske ansvaret i det nordiske samarbeidsorganet Nordterm (jf. pkt. 11.5), fungera som ressursgruppe for Språkrådets strategigruppe og elles vera det nasjonale rådgjevande organet på sitt felt. Målet skal vera å styrkja norsk fagspråk ved å setja i gang nokre strategisk utvalde praktiske tiltak.

Gruppa skal ha det første, konstituerande møtet tidleg i 2005. Ho har denne samansetjinga:

rådgjevar Jan Hoel, Norsk språkråd (leiar)
førsteamanuensis Johan Myking, Universitetet i Bergen
høgskulelektor og translator Sissel Rike, Høgskolen i Agder
seniorrådgjevar Cecilie Ovrum, Utanriksdepartementet, Oslo
programkoordinator Knut Jonassen, Standard Norge, Lysaker
teknisk skribent og dokumentasjonsansvarleg Jorunn Danielsen Newth,
Opera Norge AS, Oslo
lækjar og avdelingssjef Bjørn Buan, Kompetansesenteret for IT i
helsevesenet, Trondheim

Medlemmene er oppnemnde for to år.

5 SPRÅKSTYRKING

Ei av dei viktigaste oppgåvene til Språkrådet er å verna om og styrkja bruken av norsk språk.

Den langsiktige planen for språkstyrkingsarbeid i Språkrådet, som dekte åra 2000–03, vart forlengd til å gjelda 2004 òg. I 2004 har det likevel ikkje vore sett opp ein eigen årsplan for språkstyrking. Men hovudinteressa har lege innanfor feltet som gjeld bruk av engelsk i forskning og utdanning, som òg var prioritert i langtidspanen som ein del av satsingsfeltet "barn og unge".

5.1 Forskingsstimulering

Kvar haust dei siste åra har Språkrådet lyst ut stipend til hovudfagsstudentar (mastergradsstudentar) i humaniora og samfunnsvitskap som skriv oppgåve om emne knytte til bruk av norsk og engelsk i samfunnet, der ein ynskjer å få meir kunnskap om utviklinga. Det har vore gjeve to stipend, kvart på 20 000 kroner.

Ved utlysinga i 2004 viste det seg dessverre at interessa var dårlegare enn i tidlegare år, og fristen vart forlengd med ein månad. Etter å ha vurdert dei innkomne søknadene avgjorde Språkrådet at det ikkje skulle delast ut stipend dette året. Ein tek likevel sikte på å vidareføra stipendordninga, fordi ho verkar positivt på fleire måtar, blant anna ved å stimulera til utvikling av ny kunnskap, utan å krevja altfor store utlegg.

5.2 Barn og unge

Eit samarbeid som vart innleidd i 2003 mellom Språkrådet, Foreningen !les, det tidlegare Læringsssenteret (no ein del av Utdanningsdirektoratet) og Norsk Oversetterforening, vart vidareført våren 2004.

Dette galdt Norvengelsk-aksjonen, eit riksdekkjande tiltak for språkstimulering i skulen. Dei elevane som var med, skulle dels vurdere ulike omsetjingar av engelske tekstar, dels skifta ut ein del engelske ord og uttrykk med norske i ein tekst skriven av ein norsk forfattar (Jon Bing). Språkrådet var med på å laga dette opplegget og var dessutan representert i juryen.

Medan aksjonen i 2003 vart gjennomført i ungdomsskulen, var målgruppa i 2004 elevar i den vidaregåande skulen. I konkurransen i år, som tok til i april og varde til juni, var det med i underkant av 10 000 elevar til saman.

5.3 Høgskular og universitet, forskning og høgare utdanning

Bruken av språk i universitets- og høgskulesektoren (norsk, engelsk osv.) kjem no meir og meir i søkjelyset, ikkje berre i Noreg, men òg i andre land. Dette heng blant anna saman med den såkalla Bologna-prosessen, som er ei omfattande gjensidig tilpassing av dei nasjonale systema for høgare utdanning i mange land i Europa.

I november 2003 var Språkrådet med på å arrangera ein konferanse ved Noregs teknisk-naturvitskaplege universitet i Trondheim om bruk av engelsk i universitets- og høgskulesektoren (jf. årsmeldinga for 2003 s. 19). Våren 2004 vart dei fleste innlegga frå denne konferansen samla og gjevne ut som bok på Gyldendal Akademisk under tittelen *Språk i kunnskapssamfunnet. Engelsk – elitenes nye latin?*

Boka inneheld både teoretisk og empirisk orientert stoff, og tek opp så vel faglege som sosiale sider ved bruk av engelsk i publisering og formidling av forskning, i undervisning osv. Rådgevar Dag Finn Simonsen i Språkrådet har redigert boka.

Våren 2004 kom også rapporten *Norsk vitenskap – på språklig bortebane? Et pilot-prosjekt om språkbruk blant fagsamfunnet av forskere i Norge* (NIFUs skriftserie 9/2004), skrevet av forsker Vera Schwach ved Norsk institutt for studier av forskning og utdanning (no: NIFU STEP) på oppdrag frå Norsk språkråd. Rapporten tek sikte på å kartleggja faktisk språkbruk i forskinga og inneheld både konkret intervjumateriale og anna stoff, blant anna statistikk og analysar. Han er utforma slik at han skal kunna tena som modell for eventuelle seinare undersøkingar på det same feltet.

Også i dei andre landa i Norden aukar interessa for desse problemstillingane. Den 7.–8. juni 2004 arrangerte såleis Nordens språkråd – i samarbeid med Norsk språkråd – ein konferanse om slike emne på Voksenåsen i Oslo. Konferansen hadde tittelen "Engelsken og dei nordiske språka på høgskolar og universitet", og vart òg omtala som ein "konferanse om parallellspråklegheit".

I ordet "parallellspråklegheit" legg ein då ei systematisk jamstilling av to eller fleire språk i akademisk samanheng, som eit generelt språkpolitisk prinsipp, som faktisk har lange historiske røter i denne samfunnssektoren og går tilbake til seinmellomalderen og renessansen, då det galdt nasjonalspråka og den dominerande latinen. Tanken er no at ein vil satsa på både engelsk og nasjonalspråket (-språka) og eventuelt andre språk, slik at begge (alle) kan brukast parallelt.

Det var innleiarar frå heile Norden på konferansen – politikarar, embetsmenn, forskarar og universitetsadministratorar – som representerte dei fleste av dei åtte gamle språka i Norden (norsk, dansk, svensk, finsk, islandsk, grønlandsk, færøysk og samisk). Det viser seg at mange lærestader no held på og utviklar sin eigen politikk for bruk av engelsk og andre språk.

Konferansen drøfta blant anna kva for utvikling som kan ventast, og kva problem utviklinga fører med seg. Det var både meir generelle, kulturpolitiske innlegg og innlegg som tok opp røynsler med å utvikla parallellspråklegheit i Norden, både for språk i minoritetsstilling og for nordiske språk i majoritetsstilling og engelsk eller andre framande språk. Til sist var det paneldiskusjon og open debatt under overskrifta "Kva ønskjer vi? Kva gjer vi? Retningslinjer for språkpolitikk på høgskolar og universitet."

5.4 Arbeidsliv og næringsliv

Det har ikkje vore delt ut diplom for godt namnevit i 2004, men Språkrådet tek sikte på å ta opp att dette tiltaket og føra det vidare i 2005.

5.5 Ordsamia

E-postforumet Ordsamia, som Norsk språkråd har oppretta som arena for diskusjonar om norske avløyssarar til engelske ord, har vore ope i 2004 òg. Ved årsskiftet 2004/05 var det 273 påmelde, og dei har per 31. desember 2004 sendt ut til saman 5279 innlegg i Ordsamia.

Sekretariatet nyttar Ordsimia blant anna når det får spørsmål om avløysarord frå publikum per telefon og e-post, og når det elles er spesielle termar eller andre ord ein ynskjer framlegg om.

I 2004 har arbeidet med Ordsimia dessverre vore noko nedprioritert i sekretariatet, og det har blant anna ikkje vore laga nye og utvida versjonar av "På godt norsk", som er den lista med tilrådde avløysarord som ligg ute på nettsidene til Språkrådet og blant anna byggjer på debattar i Ordsimia.

6 NORSK SPRÅK OG IKT

Språkrådet skal fremja tiltak for å ta vare på norsk språk – bokmål og nynorsk – i informasjons- og kommunikasjonsteknologi. (Jf. pkt. 4.)

6.1 Oppfølging av handlingsplanen for norsk språk og IKT

Språkrådet har skrive to rapportar om dette emnet. Den første er *Norsk språk og IKT, handlingsplan* (2001), og den andre (2002) er ei oppfølging av eit av tiltaka i handlingsplanen, ein prosjektplan for ein norsk språkbank: Korleis kan ein språkbank organiserast, og kva minsteinnhald må han ha for å vera tenleg for språkindustrien og forskinga? Begge rapportane er tilgjengelege på nettsidene til Språkrådet. Der ligg også ei juridisk utgreiing av opphavsrettsproblematikk knytt til innsamling av språkmateriale til ein språkbank.

Norsk språkbank

Rapporten *Samling og tilgjengeleggjering av norske språkteknologiressursar* vart levert i 2002. I 2004 har fleire etterlyst oppfølging av rapporten og realisering av prosjektet. Mange har peikt på at det hastar med å få i gang arbeidet med etablering av språkbanken, men heller ikkje i statsbudsjettet for 2005 var det sett av midlar til han.

Nordisk språkteknologi AS (NST) på Voss gjekk konkurs mot slutten av 2003, og prosjektgruppa som utarbeidde planen for språkbanken, har i 2004 vore i dialog med konkursbuett og bustyraren om språkressursane firmaet hadde. Det har teke tid å få avklara kven som eig og kven som kan eller skal overta ressursane, og på kva vilkår det kan gjerast. Ved årsskiftet er det framleis uklart korleis dette blir, og om nokon offentleg instans kan overta ressursane.

Rosings språkpris

Rosings språkpris vart oppretta i 2002 i samarbeid med Den Norske Dataforening og er ein pris for godt norsk språk på IKT-området. Rosing-prisane vart ikkje delte ut i 2004, men heile arrangementet vart utsett til våren 2005.

Prisen har vorte godt motteken i IKT-miljøa, og mange ulike produkt har vore nominerte. Nominasjonane har gjeve prisen mykje merksemd.

IKT-ordboka for skuleverket

Læringscenteret vart sommaren 2004 ein del av det nye Utdanningsdirektoratet. Der ligg Skolenettet, som også omfattar IKT-ordboka for skuleverket. I 2004 tok Språkrådet over redaktøransvaret for ordboka, det vart nedfelt i ein samarbeidsavtale mellom Utdanningsdirektoratet og Språkrådet. Ordboka blir no gjennomgått og revidert både når det gjeld tekniske løysingar og innhaldet (ordartiklane). Ein rapport med endringsframlegg vart levert Utdanningsdirektoratet i desember 2004. Ordboka ligg som ein fritt tilgjengeleg ressurs på www.skolenettet.no. I tillegg til å ha redaktøransvaret og skriva definisjonar/forklaringar syter Språkrådet for å omsetja ordartiklane til/frå nynorsk. I 2004 vart ca. 15 nye ordartiklar publiserte.

6.2 Norsk ordbank

Språkrådet har ein representant i styret for *Norsk ordbank* ved Universitetet i Oslo. Ordbanken omfattar ei samling digitale leksikalske ressursar ved Det historisk-filosofiske fakultetet, ikkje minst dei morfologiske basane som er genererte på grunnlag av mellom anna grunnformer og morfologiske reglar i *Bokmålsordboka* og *Nynorskordboka*, og som er ein integrert del av dei elektroniske søkbare ordbokversjonane i Verdsveven (www.dokpro.uio.no/ordboksoek.html).

Det har ikkje vore møte i styret i 2004. Nokre av styremedlemmene var i desember med på eit møte i Språkrådet mellom rettshavarane til papirutgåvene av dei nemnde ordbøkene. Der vart det avgjort at dei elektroniske versjonane av ordbøkene framleis skal vera gratis tilgjengelege for publikum over Internettet og at dei ikkje skal kommersialiserast gjennom tingingsløysingar. Det var òg semje om å få klarlagt snarast råd kva for rettar rettshavarane har til dei elektroniske versjonane av ordbøkene og dei morfologiske basane avleidd av dei.

På møtet vart det òg drøfta kva som kan og må gjerast for at dei elektroniske versjonane skal visa den gjeldande normeringa betre enn slik det er gjort i dag.

6.3 Dataterminologi

Det er samla inn ein god del nye datatermar og datauttrykk gjennom året. Dei er registrerte i ein arbeidsdatabase.

Det har dessverre ikkje vore nok tid til å gjennomarbeida materialet i basen for å kunna leggja ut ei utvida dataordliste på vevstaden til Språkrådet.

7 LÆREMIDDELGRANSKING

Eit av arbeidsområda i Norsk språkråd har vore å medverka til å sikra kvaliteten i skuleordlistene.

7.1 Godkjenning av skuleordlister

Fagnemnda har på fleire møte i 2004 drøfta endringar i regelverket for godkjenning av skuleordlister, men det er ikkje gjort noko endeleg vedtak i saka. På grunnlag av synspunkta som kom fram, vart det laga eit notat frå fagnemnda til det nye språkorganet med tilråding om korleis det nye regelverket kan vera.

Språkrådet har i 2004 hatt desse skuleordlistene til godkjenning:

Ragnvald Taule: *Escolas ordbok*. Ny utgave. Bokmål (Escola)

Dag Gundersen: *Gyldendals bokmålsordliste for den videregående skolen*. 2. utgave Bokmål (Gyldendal Undervisning)

8 SPRÅKLEG JAMSTILLING

Norsk språkråd skal føra tilsyn med gjennomføringa av reglane i mållova når det gjeld statsorgan under departementsnivå, og skal medverka til å sikra språkleg jamstilling i grunnskulen og den vidaregåande opplæringa.

8.1 Lov om målbruk i offentleg teneste

Lov om målbruk i offentleg teneste regulerer bruken av bokmål og nynorsk i staten. Frå 1994 har Norsk språkråd hatt i oppgåve å rettleia og føra tilsyn med gjennomføringa av mållova når det gjeld statsorgan under departementsnivå. Statsorgana leverer kvart år rapport om mellom anna fordelinga mellom bokmål og nynorsk i ”rundskriv, kunngjeringar, informasjonstilfang o.l.”, jf. mållova § 8 første ledd første og andre punktum. Lova og forskriftene krev at i slikt tilfang skal ingen av dei to offisielle målformene vera representert med mindre enn 25 %.

Resultat 2003

146 av 163 sentrale statsorgan leverte rapport for 2003, dvs. 90 %. 30 statsorgan hadde 25 % nynorsk eller meir i tilfang på 1–10 sider. Når det gjeld tilfang på over 10 sider, var det 29 statsorgan som oppfylte kravet om 25 % nynorsk eller meir. 49 statsorgan leverte rapport for nettsider. 28 av dei 49 hadde over 25 % nynorsk på nettsidene. Tala viser ein tilbakegang frå 2002 og 2001 når det gjeld papirbasert tilfang.

I 2001 var dei tilsvarende tala: 155 av 209 sentrale statsorgan leverte rapport. 42 statsorgan hadde 25 % nynorsk eller meir i tilfang på 1–10 sider. Når det gjeld tilfang på over 10 sider, var det 32 statsorgan som hadde 25 % nynorsk eller meir.

8.2 Sidemålsopplæringa i Oslo-skulen

Forsøk med valfri skriftleg sidemålsopplæring i Oslo-skulen

6. september 2004 sa Utdanningsdirektoratet ja til ein søknad frå Oslo kommune om å få gjennomføra eit forsøk med valfri opplæring i skriftleg sidemål i den vidaregåande skulen. Forsøket skulle gjelda noko nær halvparten av eitt årskull ved dei studieførebuande retningane i Oslo-skulen.

Språkrådet sitt syn er at den skriftlege sidemålsopplæringa må styrkjast, heller enn å tynast. Difor la Språkrådet ved dette høvet ut fyldig materiale på nettsidene sine. Under "For skulen" ligg det no klipp frå fråsegner og brev som rådet tidlegare har sendt til Utdannings- og forskingsdepartementet mellom anna om jamstillingsarbeidet og om sidemålsopplæringa i skulen. Dessutan er det lagt lenkjer til utviklingsarbeid, vidareutdanning, artiklar og rapportar som går inn på arbeidet med sidemålet frå ein annan synsstad enn den Oslo kommune legg for dagen.

Nei til deltaking i referansegruppe for forsøket *Valgfritt skriftlig sidemål*

I eit brev 9. november 2004 frå Utdanningsetaten i Oslo kommune vart Norsk språkråd spurdt om å delta i ei referansegruppe for det treårige forsøket *Valgfritt skriftlig sidemål* (sjå ovanfor).

I svarbrevet sitt seier Språkrådet at tida er meir enn mogen for forsøk med skriftleg nynorsk i opplæringa. Likevel takkar rådet nei til å delta i ei referansegruppe for dette forsøket. Språkrådet grunnjev dette med at skriftleg sidemålsopplæring i skulen er ein føresetnad for den funksjonelle jamstillinga mellom nynorsk og bokmål i staten. Språkrådet viser til *Innst. S. nr. 109 (2001–2002)* og *St. meld. nr. 9 (2001–2002)* og peiker på at målsetjinga med forsøket med valfritt skriftleg sidemål ikkje samsvarer med den gjeldande, offisielle språkpolitikken når det gjeld 1) språkleg jamstilling mellom nynorsk og bokmål og 2) den breie politiske tilslutnaden i Stortinget om å vidareføra den skriftlege sidemålsopplæringa i skulen.

9 STADNAMNTENESTA

Norsk språkråd – ved namnekonulentane – skal medverka til at stadnamn får ein skrivemåte som tek vare på språkfaglege, nasjonale og lokale omsyn, arbeida for å forbetra prinsippa for namnsetjing og informera om stadnamnlova, stadnamn og stadnamnbruk.

Namnekonulentane er ein rådgjevande instans utan vedtaksmynde. Vedtak om skrivemåte blir i hovudsak gjorde av dei offentlege organa som skal bruka namna i tenesta. Vedtak kan påklagast til klagenemnda for stadnamnsaker.

Departementet har i fleire år arbeidd med endringar i stadnamnlova, og eit endringsframlegg passerte statsråd 17. desember. Dersom lovframlegget blir vedteke, inneber det mellom anna at saksgangen blir forenkla, og at det blir innført ein formålsparagraf og reglar for namnevern.

9.1 Arbeidsoppgåver

Behandlingstida for saker som gjeld fastsetjing av skrivemåte etter reglane i lov om stadnamn, er avhengig av saksomfanget. Andre saker (t.d. telefonspørsmål, e-post-spørsmål) prøver ein å svara på straks eller innan ei veke.

Dei regionale stadnamntenestene har gjeve tilråding om skrivemåten av omkring 5000 stadnamn i 2003. Statens kartverk har som i tidlegare år vore den største oppdrags-gjevaren, men ved alle kontora er det registrert auke i saker frå kommunane. Arbeidet med å behandla ferdig restansesaker har halde fram.

Stadnamntenesta for Midt-Noreg gav tilråding om nytt kommunenamn i samband med samanslåinga av Aure og Tustna i Møre og Romsdal. Nye kommunenamn er eit spørsmål som vil bli stadig meir aktuelt når kommunar blir samanslegne, men det finst få retningslinjer når det gjeld fastsetjing av namn. Stadnamntenesta har difor teke initiativ overfor departementet med oppmoding om å oppretta eit utval med namnefagleg medverknad i slike saker.

9.2 Møte og konferansar der stadnamntenesta har vore representert

19.4.04: Møte med Statens kartverk, Statens vegvesen og kommunane i Nord-Trøndelag om saksbehandling etter reglane i lov om stadnamn, Steinkjer: Eli Ellingsve og Berit Oksfjellelv

20.–29.4.04: Den 22. sesjonen i UNGEGN (United Nations Group of Experts on Geographical Names), New York: Botolv Helleland

8.6.04: Møte med Statens kartverk, Statens vegvesen og kommunane i Sør-Trøndelag om saksbehandling etter reglane i lov om stadnamn, Trondheim: Ola Stemshaug

21.6.04: Møte med representantar for Statens kartverk og Bundesamt für Kartographie und Geodäsie, Tyskland om prosjektet EuroGeoNames, Statens kartverk, Hønefoss: Botolv Helleland

8.9.04: Møte med Vegdirektoratet om prosedyrar ved namngjeving av bruer, tunnelar og andre statlege veganlegg, Seksjon for namnegransking, Universitetet i Oslo, Botolv Helleland, Boye Wangenstein og Terje Larsen

15.–17.9.04: Fellesmøte for stadnamntenesta, Norsk språkråd, klagenemnda for stadnamnsaker og Statens kartverk, Alta

17.11.04: Møte med Kultur- og kyrkjedepartementet om utval for kommunenamn, Kultur- og kyrkjedepartementet, Oslo: Ole-Jørgen Johannessen og Botolv Helleland

9.3 Publisering

Botolv Helleland: *Nytt om namn* 39 (2004) og 40 (2004). Ansvarleg redaktør

Botolv Helleland: Lis(s)et, Lilleset, Disen og Disenhagen/Disihagan. Eit par normeringsproblem. I: *Nytt om namn* 40 (2004), s. 18–20

Botolv Helleland: EuroGeoNames. I: *Nytt om namn* 40 (2004), s. 22–23

Botolv Helleland: Skrivemåten av stadnamn – offentleg eller privat sak? Kronikk i *Aftenposten* 25.6.04 (også trykt i *Nytt om namn* 39 (2004), s. 14–16)

Ola Stemshaug: Samanslåingar og kommunenamn. Kronikk i *Adresseavisen* 4.5.04

9.4 Anna

Terje Larsen: Intervju om gatenamn, Kulturbeitet NRK P2 8.7.04

Botolv Helleland: Intervju om korrekt bruk av namna Skienselva og Porsgrunnselva, Buskerud-Vestfold-Telemark-sendinga NRK P1 23.9.04

Botolv Helleland: Intervju om gatenamn og prosedyrar for fastsetjing av gatenamn, Vok NRK P2 5.10.04

Astrid Sann Evensen: Nettside for stadnamntenesta (www.stadnamn.org / www.stedsnavn.org)

9.5 Klagenemnda for stadnamnsaker

Klagenemnda har hatt to møte.

10 FORSKINGS- OG UTVIKLINGSARBEID

Språkrådet skal følgja med i utviklinga av norsk skriftspråk og talespråk og halda seg orientert om forskning som gjeld språk og språkutvikling. (Jf. pkt. 5.1.)

10.1 Arbeidet med nyordsboka for perioden 1976–1999

Ordboka *Nyord i norsk 1945–1975* var redigert av Vagleik Leira og kom ut i 1982 med namnet til Norsk språkråd på tittelsida. I 1997 vart arbeidet med *Nyord i norsk 1976–1999* sett i gang med Tor Guttu som hovudredaktør og Vagleik Leira frå sekretariatet som hjelperedaktør. Leira gjekk av med pensjon i 2001. Guttu arbeider ved Institutt for nordistikk og litteraturvitskap ved Universitetet i Oslo. Han har gått gjennom ein del nyordsmateriale og supplert det ferdige manuskriptutkastet ut frå det. Sekretariatet har halde fram med ei kritisk gjennomlesing av utkastet til manuskript.

11 NORDISK OG INTERNASJONALT SAMARBEID

11.1 Nettverk for språknemndene i Norden

På det siste rådsrådet i Nordisk språkråd i februar 2004 i Oslo la språknemndene i dei nordiske landa ned organet. Grunnen var at Nordisk ministerråd frå 1. januar 2004 oppretta Nordens språkråd. Språknemndene diskuterte situasjonen, og vedtok å etablere eit nettverk for å ivareta samarbeidet og for å ha ein kanal for erfaringsutveksling.

Norsk språkråd har det faglege og økonomiske ansvaret for nettverket. Aktivitetane i nettverket er finansierte med midlar frå Nordens språkråd, som tok over og vidareførte mange av oppgåvene Nordisk språkråd hadde hatt.

Det første nettverksrådet vart halde i august i Tórshavn på Færøyane i samband med det nordiske språkmøtet. Hovudtemaet var samarbeidet mellom språknemndene framover og arbeids- og ansvarsdeling mellom nettverket og det nye Nordens språkråd. Andre tema var arbeidet i EFNIL (jf. pkt. 11.8), korleis ein kan nå ulike målgrupper gjennom innhaldet på nettet, og presentasjon av ei handbok for framandspråklege. Det siste større diskusjonstemaet var svartenesta hjå språknemndene. Språknemndene var einige om at ein sams nettstad med informasjon om nordiske hendingar ville vera nyttig. *Språk i Norden* må halda fram som årsskrift og redigerast av dei nordiske sekretæranane. Ein kort runde med nytt frå nemndene avslutta møtet.

Flere av oppgåvene som blir nemnde nedanfor, blir finansierte med midlar frå Nordens språkråd, i tråd med at dette er oppgåver rådet overtok frå Nordisk språkråd. Arbeidet omfattar fagleg ansvar for prosjekt, møte og konferansar. I tillegg kjem administrative oppgåver som rekneskap, budsjettoppfølging, praktiske oppgåver knytte til møte og konferansar, oppdatering av nettstaden for språknemndene og Nordisk foreining for leksikografi (www.nordisk-sprakrad.no).

Nettsider for språknemndene i Norden

Nettverket for språknemndene ynskjer ein sams nettstad for informasjon om nordiske aktivitetar. Mykje av materialet som vart samla i tida under Nordisk språkråd, og som ikkje bør gå tapt, blir teke vare på der. Nettstaden informerer elles om nordiske kurs og konferansar, nordiske prosjekt og saker som kan ha interesse for meir enn eitt nordisk land. Nordens språkråd har vedteke å dekkja utgiftene som følgjer med vedlikehald og oppdatering av nettstaden.

Språk i Norden

Språk i Norden er årsskrift for språknemndene og blir redigert av dei nordiske sekretæranne i språknemndene. Norsk språkråd har dei siste åra hatt hovudansvaret for årsskriftet.

Nordens språkråd finansierer utgiftene til skriftet.

11.2 NorDokNet – Nordisk nettverk for språkteknologi

Språkrådet er med i det nordiske nettverket NorDokNet, som er ein del av Nordisk Forskerutdanningsakademis (NorFA) språkteknologiprogram. Kwart land har tre representantar i nettverket. Dei møtest to til tre gonger i året og gjerne i samband med aktuelle konferansar. Det finst ei nordisk nettside med generell informasjon om nettverket (www.nordoknet.org).

I kvart land er det nasjonale dokumentasjonssentra (for Noreg: www.norskdok.uib.no) med relevant informasjon om språkteknologi, der ein finn opplysningar om møte, kva for konferansar som er planlagde og kvar dei blir haldne, kva for forskingsprosjekt som er i gang, og kva for undervisningstilbod som finst. Ein finn òg opplysningar om kompetanse på ulike område. I tillegg finst ei terminologiliste på mange språk med ord som er i bruk på fagområdet.

Nettverket har hatt to møte i 2004. I tillegg besøkte ei gruppe dei baltiske statane for å diskutera samarbeid om vidareføring av nettverket og informasjonsspreiing gjennom nettsidene. Ei anna gruppe besøkte LT World i Saarbrücken for oppretta samarbeid om terminologiarbeid og informasjonsspreiing.

I 2004 har nettverket arbeidd mykje med å utvikla ein fleirspråkleg søkjemotor som skal gjera informasjonen på dei ulike nettsidene lettare tilgjengeleg for fleire. Nettverket implementerte og prøvde ut den første versjonen på nettsidene sine i siste halvdel av 2004, og erfaringa er god. Arbeidet med søkjemotoren danna grunnlag for ein prosjektsøknad til Nordisk ministerråd, som ynskjer ein fleirspråkleg søkjemotor til sine nettsider.

NorFAs språkteknologiprogram skal avsluttast i 2005, men nettverket arbeider for å finna finansiering til å kunna halda fram med nettsidene og nettverksarbeidet.

11.3 Nordisk nettordbok og søkjemotor

I 2003 laga ei arbeidsgruppe under leiing av Norsk språkråd ein prosjektplan for ei nordisk nettordbok. Etter at planen var levert, fekk ei prosjektgruppe i oppdrag å skriva kravspesifikasjon for brukargrensesnitt og søkjemotor.

Hausten 2004 lyste Nordisk ministerråd ut ein konkurranse om kven som kunne levera det beste forslaget til ein fleirspråkleg søkjemotor. Utlysinga var lukka, avgrensa til offentlege institusjonar, og tilbydarane måtte sjølve finansiera 60 % av kostnadene.

11.4 Nordiske forskingsprosjekt

To store nordiske forskingsprosjekt nærmar seg no slutten. Etter at Nordisk språkråd vart avvikla, har Norsk språkråd hatt ein representant i styret for kvart av dei to prosjekta. Dessutan har Språkrådet det økonomisk-administrative arbeidet med prosjektet *Internordisk språkforståing*.

Prosjekta blir presenterte på ein nordisk konferanse i København 12.–13. januar 2005. Det er planlagt ein sluttkonferanse for begge prosjekta tidleg i 2006.

Moderne importord i språka i Norden

Prosjektet *Moderne importord i språka i Norden* er i sluttfasen. Til no er to rapportar ferdig trykte, og fleire kjem i byrjinga av 2005. I desember 2004 kom rapporten om omfanget av importord "*Det främmande*" i *nordisk språkpolitikk – om normering av utländska ord*. Hovudfunna frå prosjektet blir presenterte på den nemnde konferansen i København. Prosjektet har ei eiga nettside der resultatata blir lagde ut etter kvart: www.hf.uib.no/moderne/. Helge Sandøy har vore prosjektleiar.

Internordisk språkforståing

Prosjektet *Internordisk sprogforståelse* kom i gang tidleg i 2003. Prosjektet er no på det næraste avslutta, og det står att å skriva dei endelege rapportane. Det har fått mange oppslag i media, og resultatata så langt har vekt stor interesse. Prosjektet blir avslutta i 2005, og funna frå prosjektet blir presenterte på den nemnde konferansen i København. Prosjektet har ei eiga nettside der resultatata blir lagde ut etter kvart: www.nordkontakt.nu/. Frå norsk side har Helge Sandøy vore prosjektleiar.

11.5 Nordisk terminologisamarbeid

Nordterm

Sidan våren 2003 har Språkrådet hatt ein fast representant med observatørstatus i styringsgruppa for Nordterm, den nordiske samanslutninga for samarbeid på terminologiområdet. Det var møte i styringsgruppa i Reykjavík i september, og Språkrådet var representert.

I oktober sende Språkrådet denne søknaden til styringsgruppa som no har islandsk leiarskap:

”[...] Siden 2001 har Norge vært uten et nasjonalt terminologiorgan. Det er nå bestemt at Norsk språkråd og den institusjonen som skal etterfølge det, skal ta det nasjonale ansvaret for terminologiarbeid og fagspråk.

Den norske representasjonen i Nordterm har vært uklar de siste årene. Siden i fjor vår har Språkrådet hatt observatørstatus i Nordterms styringsgruppe. Vi ønsker med dette å søke om at Norsk språkråd og etterfølgerinstitusjonen blir opptatt som fullverdig norsk medlem i Nordterm. Vi ser fram til godt og givende samarbeid med de andre medlemsinstitusjonene.”

Titleg i desember kom det svar frå styringsgruppa med beskjed om at Språkrådet og etterfølgjarinstitusjonen var teken opp som ”fullverdig norsk medlem i Nordterm”, rekna frå 5. oktober.

Leiarskapen i Nordterm går på omgang mellom medlemmene. Leiarskapsperioden er på to år og dekkjer tida mellom to ”Nordterm-møte”, som blir arrangerte annakvart år heilt til slutt i funksjonstida til den sitjande leiarskapen.

Nordisk prosjekt: revisjon av ”Terminologiens terminologi”

Under leiing av det svenske terminologiorganet Terminologicentrum TNC og med midlar frå Nordpluss språk er det sett i gang eit nordisk prosjekt for å revidera den grunnleggjande (meta)termlista ”Terminologiens terminologi på nordisk” (basert på standardane ISO 1087-1 *Terminology work – Vocabulary – Part 1* og ISO 704 *Terminology work – Principles and methods* og andre kjelder). I Noreg er det sett saman ei ”laus” prosjektgruppe med desse deltakarane: Knut Jonassen (Standard Norge), Håvard Hjulstad, Johan Myking (Universitetet i Bergen), Jan Hoel (Språkrådet). Det ligg føre ein framdriftsplan for prosjektet, som skal munna ut i Internett-publisering av lista 1. januar 2006.

Nordisk dataterminologisamarbeid

Sekretariatet i Språkrådet har to kontaktpersonar for den svenske datatermgruppa, og dei mottek med ujamne mellomrom lister med forslag til nye termar og definisjonar til høyring. Arbeidet skjer elektronisk, og i 2004 har det kome to sendingar. Språkrådet har dessutan ein representant i referansegruppa for den danske datatermgruppa. Arbeidet kom i gang mot slutten av 2004. Referansegruppa møtte datatermgruppa og fekk orientering om arbeidet og arbeidsmåten framover. Arbeidet skal gå føre seg elektronisk, og den første lista med forslag til nye termar og definisjonar kom i desember 2004.

11.6 Nordiske konferansar

Parallellspråkskonferansen

Sjå omtale under pkt. 5.3.

Forståeleg språk – for alle? Nordisk konferanse om klarspråk

Den 4.–6. november arrangerte Norsk språkråd ein konferanse om offentleg klarspråk. Konferansen vart halden på Kongsberg og var den tredje i rekkja av nordiske klarspråkskonferansar. Den første vart halden i Stockholm i 1998 og den andre i Finland i 2000.

Eit hovudpunkt på konferansen var å få fram kva klart og godt språk er, og kva slag røynslar ein har frå det praktiske arbeidet. Svenskane har ei eiga klarspråksgruppe knytt til Regeringskansliet og er komne lengst i systematisk klarspraksarbeid i styringsverket. Dei danske domstolane gjennomfører no eit språkleg oppryddingsprogram som styresmaktene i andre nordiske land kan læra mykje av. I Finland ser trygdekontora sosiale føremoner med lettskjønleg språk i all publikumskontakt. Det norske Økokrim arbeider for eit funksjonelt språk som styrkjer rettstryggleiken.

Eit anna hovudpunkt på konferansen var korleis ein vurderer språket i det private næringslivet, og å sjå kva det offentlege kan læra av deira røynslar. Emne her var kva næringslivet kan gjera, korleis fleirspråklege selskap arbeider med språket, og korleis ein kan tilordna språkbruken for kundar.

Frå konferansen blir det som tidlegare gjeve ut ein rapport.

11.7 Den europeiske terminologiforeininga EAFT

I november 2004 vart det andre møtet i EAFT (European Terminology Association) halde i Barcelona, Spania. Språkrådet var representert saman med folk frå institusjonar i ei rekkje europeiske og andre land med interesse i terminologi og terminologiarbeid.

Det første EAFT-møtet vart halde i 2003 i Brussel, Belgia. Då vart ”Brussel-fråsegna” utarbeidd, eit dokument der det blir fastsett mål og retningslinjer for arbeid med og samarbeid om terminologi i Europa. Under møtet i Barcelona vart det avslutta og det pågåande (sam)arbeidet vurdert i lys av formuleringane i fråsegna. Det vart òg gjort framlegg om nye samarbeidsmåtar og -tema. Brussel-fråsegna er enno ikkje omsett til norsk.

EU-medlemskap er ikkje ein føresetnad for medlemskap i EAFT. Språkrådet har enno ikkje søkt om medlemskap og deltok som observatør i år.

11.8 Samarbeid med EU

Norsk forskings- og innovasjonsforum

Aktiviteten i Norsk forskings- og innovasjonsforum, Brussel, har vore god i 2004, og det har kome mykje nyttig informasjon om EUs rammeprogram. Det norske kontoret i Brussel har hatt god gjennomgang av rammeprogram og formidla kva som må til for å koma med i større prosjekt. Ein har samla seg mykje om dei tekniske sidene av IKT-forskinga, men eit større program om innhald på nettet og innhald på offentlege nettstader er i gang, og det er særleg interessant for Språkrådet. I Noreg har EUs satsing på området ført til auka merksemd om digitalt innhald på nettet generelt og om informasjon frå det offentlege spesielt. (Jf. pkt. 13.3.)

Europeisk nettverk for språkbankar (ERA-Lang)

Arbeidet med det europeiske nettverket for språkbankprosjekt kom nokre steg vidare i 2004, og det vart sendt søknad om støtte til drift til EU. Norsk side er representert med Forskringsrådet med Språkrådet og Nærings- og handelsdepartementet (NHD) som støttespelarar. Det franske departementet for forskning og teknologi står bak initiativet. Forskringsrådet, Språkrådet og NHD har faste møte med informasjonsutveksling og oppdatering.

EFNIL

EFNIL (European Federation of National Institutions for Language) er eit nyoppretta organ med representantar for språkvernorganisasjonar i EU-land. Det er oppretta ein nettstad for organisasjonen, og sekretariatet er lagt til Nederlandse Taalunie i Haag, Nederland. Norsk språkråd søkte om og fekk observatørstatus i EFNIL i 2004. Eit møte i november 2004 galdt terminologi og omsetjing. Meir informasjon: www.eurfedling.org.

12 RÅDGJEVING OG INFORMASJON

Språkrådet gjev råd om norsk språk til alle som kontaktar rådet, og går elles ut med tilbod om rådgjeving og informasjon til grupper det er ynskjeleg å venda seg til.

12.1 Rådgjeving

Sekretariatet i Språkrådet får mange spørsmål om språk og språkbruk over telefon og telefaks og i e-post og brev. Særleg er e-postrådgjevinga ein viktig del av tenestetilbodet frå Språkrådet. I 2004 vart det svart på knapt 3600 e-postar med språkspørsmål. Det tilsvarende talet i 2003 var knapt 2800 og i 2002 om lag 2400. Auken frå i fjor er på om lag 67 e-postar i månaden. Talet på språkspørsmål på telefonen byggjer på systematisk oppteljing i berre nokre månader og ligg mellom 3500 og 4000 for 2004.

I år har det vore sju personar i sekretariatet som har svart fast på språkspørsmål. I tillegg svarer tre medarbeidarar på spørsmål innanfor sine spesialfelt (datauttrykk, stadsnamn og lov om målbruk i offentleg teneste). Svartenesta er organisert som ei vaktordning. Dei som er med på dette arbeidet, er inndelte i lag som har vakt kvar tredje veke. Vaktlaget svarer i si veke på alle språkspørsmål som kjem via telefon, e-post, telefaks og brev.

Dei som vender seg til sekretariatet med språkspørsmål, er privatpersonar, folk som arbeider i offentleg forvaltning, folk i forlag, i reklamebransjen og i næringslivet elles. Ein del elevar og studentar ringjer og skriv, dessutan lærarar og journalistar.

Sekretariatet samlar e-postspørsmål med svar i eit eige e-postarkiv som alle tilsette har tilgang til. Formålet er å gjera det enklare å dra nytte av tidlegare e-postsvar.

12.2 Publikasjonar

Språknytt kom i 2004 med tre nummer, av dei eitt dobbeltnummer om språk og makt. Redaktørar har vore leiarane i fagnemnda, Helge Sandøy og Kjell Ivar Vannebo. Svein Nestor har vore redaksjonssekretær. Opplaget var 25 500. Bladet blir også lagt ut i pdf-format og html-format på nettsidene. Abonnementet er gratis.

Statsspråk – bladet for godt språk i staten kom i 2004 med to nummer. Redaktør var Jostein Stokkeland. Opplaget var 17 000, og abonnementet er gratis.

12.3 Nye nettsider

Dei nye nettsidene til Norsk språkråd vart lanserte 1. oktober. Nettstaden nyttar publiseringsverktøyet EpiServer, er "dynamiske" (databasebaserte) og oppfyller i hovudsak dei krava som blir stilte til offentlege nettsider, jf. kvalitetskrteria til noreg.no. Nettsideredaktør er Jon Grepstad.

Nettsidene har denne hovudmenyen: Aktuelt, Ordbøker og ordlister, Råd om språk, Fakta om norsk, Språkstyrking og språkvern, Lov og rett, Leik og lær, For skolen, Utgitt av Norsk språkråd, Om Norsk språkråd.

Nettstaden har fått mykje nytt stoff: Det interaktive kurset i nynorsk (laga spesielt for elevar med bokmål som hovudmål), dei viktigaste artiklane frå *Språknytt* 1973–1994 (*Språknytt* fanst frå før som digital publikasjon frå 1995), stoff om og av Norsk språknemnd (føregjengaren til Norsk språkråd), sentrale normeringsdokument frå 1917 til 1981, Frå ord til ord (etymologiske kortnotisar opphavleg publiserte på NRKs tekst-TV), den språkhistoriske artikkelen “Frå norrønt til nynorsk og bokmål”, stoff om svensk og dansk, presentasjon av språksituasjonen i Noreg på spansk, portugisisk og russisk (frå før fanst artiklar på engelsk, tysk og fransk), nettversjon av Kultur- og kyrkjedepartementet si rettleiing om lov om målbruk i offentleg teneste og informasjon om lover og forskrifter som har føreseger om norsk språk.

Bruken av nettsidene har auka. Det er om lag tre gonger så mange besøk som på dei gamle nettsidene, og talet på besøk ser ut til å auka jamt og trutt. I perioden frå oktober til og med desember 2004 var det i gjennomsnitt 45 000 besøk i månaden, av desse 28 000 enkeltstående besøk. Om lag 25 % av brukarane vender tilbake til nettstaden, og prosenttalet aukar: 20 % i oktober, 25 % i november, 30 % i desember. Det blir henta vel 9 000 dokument i døgeret. Kvar brukar hentar i gjennomsnitt 6 sider i kvar økt. 46 % kjem til nettsidene frå søkjemotorar og lenkjer, 54 % frå bokmerke eller ved inntasting av adresse. Dei mest vanlege søkjeorda som førde brukarane til nettsidene, var i november: navn, Norsk språkråd, Språkrådet, norsk, kommaregler, Norwegian language, nynorsk, Ivar Aasen, nynorsk ordliste, namn, Knud Knudsen.

Dei mest brukte sidene frå oktober til og med desember var: Søk i ordbøker (50 000 oppslag), Nynorsk.nett.no – interaktivt kurs i nynorsk (35 000), Ordbøker og ordlister (32 000), Skrivereglar og grammatikk (22 000), Øvingar til nynorskkurset (17 000), Leik og lær (14 000), Minigrammatikk til nynorskkurset (12 500), For skolen (11 700), Råd om språk (11 300), Slik bruker du nynorskkurset (11 300), På godt norsk – avløysarord (10 100), Dataspråk (9 000), Kvifor i all verda skal eg lære nynorsk? (9 000), Fakta om norsk språk (8 200), Lær deg nynorsk på Internett (8 000), Fra bokmål til nynorsk (7 300), Spørsmål og svar (6 000), Aktuelt (5 300), Øvingar – frå bokmål til nynorsk (5 300).

12.4 Språkspalte i *Norsklæraren*

Språkrådet har ei spalte i tidsskriftet *Norsklæraren* (utgjeve av Landslaget for norsk-undervisning). I dei fem nummera i 2004 har Språkrådet skrivne mellom anna om sær- og samanskriving, tekstmeldingsspråk, eigeomspronomen, skriftleg sidemålsopp- læring i norsk skule og omdanninga av Norsk språkråd.

12.5 Nyheitsovervaking

Norsk språkråd gjekk i januar over til elektronisk nyheitsovervaking gjennom Magenta News. Fram til oktober abonnerte Språkrådet også på ei klippteneste. I 2004 fekk særleg rådsdebatten om norvagisering (beiken-feiden) stor merksemd. Det har òg vore ei rad intervju med Sylfest Lomheim, dels i samband med tilsetjinga som direktør, dels i samband med konkrete saker.

12.6 Interaktivt kurs i nynorsk

Norsk språkråd lanserte det interaktive kurset sitt i nynorsk på dei nye nettsidene 1. oktober. Kurset er laga særleg med tanke på elevar i den vidaregåande skulen som har bokmål som hovudmål, men kan brukast også av andre. Det består av minigrammatikk, 70 interaktive øvingar, lesetekstar, “tipskvern”, oversyn over hjelpemiddel og teksten “Kvifor i all verda skal eg lære nynorsk?”. Ansvarlege for utarbeidinga av kurset var Trine Gedde-Dahl og Jon Grepstad. Olav Veka ved Ringsaker vidaregåande skole skreiv utkast til minigrammatikken og dei fleste øvingane. Ei referansegruppe kommenterte opplegget og tekstane.

Kurset vart kunngjort med e-post til alle vidaregåande skular og med omtale i mellom anna tidsskriftet Utdanning. Tilbakemeldingane frå lærarar har vore positive. Kurset er mellom dei mest brukte sidene på nettstaden til Norsk språkråd.

12.7 Besøk av skuleelevar, studentar og andre

I 2004 har to grupper studentar fått orientering i Språkrådet: ei gruppe frå fagomsetjarstudiet på Høgskolen i Agder og ei gruppe frå den internasjonale sommarskulen på Universitetet i Oslo.

13 HØYRINGSFRÅSEGNER

13.1 Kvensk – språk eller dialekt?

Språkrådet uttala seg i brev av 28. juni 2004 om rapporten *Kvensk – språk eller dialekt?* av Kenneth Hyltenstam og Tommaso Milani. Rapporten gjeld stillinga og statusen for kvensk, altså språket til etterkomarane av finsktalande innvandrarar til det som no er Troms og Finnmark.

Europarådet har bede Noreg om å klargjera statusen for kvensk. Spørsmålet er om kvensk skal reknast som eit eige språk eller ein dialekt av finsk. Dette er i sin tur knytt til ei anna sak, nemleg om kvensk bør ha vern på nivå II eller nivå III etter reglane i det europeiske sjarteret for region- og minoritetsspråk. Kvenene har i dag status som nasjonal minoritet i Noreg, og språket har vern på nivå II etter sjarteret. Til samanlikning har samisk vern på nivå III, som er langt meir forpliktande og langt meir konkret i krav til verkemiddel for språkvern.

I Sverige har meänkieli, ofte kalla tornedalsfinsk, fått vern på nivå III. Situasjonen for kvensk minner mykje om den for meänkieli, men prosessen med tilbakegang har til no ramma kvensk hardare enn meänkieli. Konklusjonen til Hyltenstam og Milani er at det ikkje er noko i vege for å rekna kvensk som eit eige språk. Dei seier òg, noko varsamt, at resultatane deira peiker mot at kvensk bør sjåast som eit eige språk heller enn som ein dialekt av finsk.

I Noreg har det lenge vore arbeid for å styrkja stillinga for språket og kulturen til kvenene, og språket har òg fått plass i skulen i dei kvenske områda. Men i spørsmålet om kvensk skal reknast som dialekt eller som eige språk, er det truleg sterkt skilde oppfatningar.

I høyringsfråsegna si skriv Språkrådet at det ser positivt på arbeidet med å sikra kvensk eller finsk språk og kultur. Det heiter òg at dei finstalande gruppene som har innvandra til den nordlegaste delen av Noreg, har spelt ei viktig, men ofte underkjend rolle i utviklinga av det moderne samfunnet her. Trass i dette har dei i periodar vore mistenkte for "unasjonale" haldningar eller vore brukte som brikker i eit nasjonalt eller storpolitisk spel.

Språkrådet vurderer det slik at det vil verka mest samlande blant kvenene sjølve å rekna kvensk som ein dialekt av finsk, ikkje som eit eige språk, men rådet seier òg at diskusjonen om dei prinsipielle sidene ved statusen for kvensk bør gå vidare, og at styresmaktene bør ta sikte på å trekkja opp retningslinjer som omfattar alle minoritets- språka i Noreg. Ein må ikkje setja omsynet til kvensk opp mot omsynet til samisk eller nyare innvandrarspråk, og ein må ikkje splitta små grupper som kvener og kvensk- eller finstalande i Nord-Noreg unødig.

Spørsmålet om vern på nivå II eller nivå III er – slik Språkrådet ser det – viktigare enn det som gjeld den språktypologiske statusen. Her seier rådet at det vanskeleg kan gå inn for å gje vern av kvensk på nivå III etter det europeiske sjarteret slik situasjonen er i dag. Men utan omsyn til den formelle statusen til kvensk bør styresmaktene straks trappa opp dei økonomiske løyvingane til det som er heilt nødvendige tiltak for språket, fordi språkskifteprosessen er komen så vidt langt. Språkrådet nemner her spesielt innsamling og standardisering av stadnamn.

13.2 Endringar i kapittel 3 i samelova

Språkrådet uttala seg i brev 9. mars 2004 om eit framlegg til endringar i kapittel 3 i samelova. Eitt av framlegga går ut på at Kongen ved Kultur- og kyrkjedepartementet skal kunna avgjera kva for kommunar som kan koma inn i forvaltningsområdet for samisk språk. I dag må dette fastsetjast med lovendring i kvart einskilt tilfelle, medan framlegget går ut på å forskriftsfesta det.

Språkrådet hadde ingen innvendingar til dette, og skreiv at det er prinsipielt positivt at forvaltningsområdet kan utvidast med nye kommunar på basis av politiske vedtak og demokratisk meiningsdanning. Rådet spør likevel om det trengst ei noko vidare

konsekvensutgreiing her, for viss eitt enkelt kommunestyrevedtak skal vera nok til å koma med i forvaltningsområdet, bør ein vurderer nærare kva konsekvensar dette kan få ved skiftande politiske fleirtal og eventuelt motstridande vedtak. Skal kommunar også kunna gå ut av forvaltningsområdet etter enkle vedtak? Slike spørsmål kan koma opp særleg der dei samisktalande er i klart mindretal. Det er grunn til å avklara dette på prinsipielt grunnlag, fordi det ofte handlar om kjensleladde og divergerande standpunkt, og fordi det også blir overført økonomiske midlar til språkformål til kommunar i forvaltningsområdet.

Eit anna framlegg til endring i lova innebar ei presisering av kva som ligg i "samisk språk" i visse høve, og Språkrådet hadde ingen merknader til dette.

I eit tillegg i fråsegna etterlyste Språkrådet meir og betre informasjon om språkføresegnene i samelova. Den einaste brosjyren om dette var laga for mange år sidan. Rådet skriv at ein iblant får spørsmål om det er slik at samisk språk har offisiell status på linje med norsk i Noreg, og at ein då gjerne viser spørjaren vidare til andre instansar, men at ein har sakna ei presisering av statusen for samisk samanholden med statusen for norsk. Dei to språka kan snauvt vera fullt ut på linje, for der mållova forpliktar statsorgan og gjev publikum rettar over heile landet når det gjeld bruk av bokmål og nynorsk, er ikkje språkreglane i samelova utan vidare riksdekkjande på same vis, seier Språkrådet.

13.3 Næringspolitikk for elektronisk innhald

Språkrådet var blant høyringsinstansane for rapporten *Næringspolitikk for elektronisk innhald* utgjeven av Nærings- og handelsdepartementet hausten 2004.

I fråsegna si gjer Språkrådet framlegg om at det bør setjast i verk offentlege støtteordningar for elektronisk/digitalt innhald:

”Vår nye digitale hverdag med datamaskiner, Internett og Verdensvev tilbyr norsk språk og kultur mange muligheter, men øker også presset på norsk språk og kultur gjennom den globaliserte engelskspråklige påvirkningen som følger med teknologien. For at norsk språk på lengre sikt skal kunne motstå dette presset og overleve som fullverdig bruksspråk på alle områder, må alle – ikke minst offentlige myndigheter – være seg sitt ansvar bevisst og opptre deretter. Mye elektronisk innhold må sidestilles med lignende tradisjonelt innhold og må komme inn under tilsvarende offentlige støtteordninger.”

Det blir knytt eit vilkår til slik støtte:

”All offentlig støtte i tilknytning til norskspråklig elektronisk innhold bør ha som forutsetning at det aktuelle språkinnholdet vederlagsfritt skal kunne tilflytte en nasjonal språkbank.”

Vidare står det:

”[...] Den store oppgaven for det offentlige virkemiddelapparatet blir å sikre at næringsvirksomhet med de angitte innholdsproduktene og -tjenestene kan være økonomisk bærekraftig i et lite marked som det norske. Ordninger med økonomisk støtte til slike formål må imidlertid ikke fritta produsentene og tjenesteyterne for deres selvstendige ansvar for å bidra til å bevare og styrke norsk språk og kultur.

Økonomisk støtte fra det offentlige kan gis på flere måter, bl.a. som tilskudd til særskilte formål eller i form av fritakelse fra f.eks. merverdiavgift. Begge støtte-modeller er kjent fra tradisjonell næringsvirksomhet med ”analoge” produkter eller tjenester, f.eks. pressestøtte, filmstøtte, innkjøpsordninger, momsfratak. Det har bl.a. i den senere tid vært en del framme i media at norsk dataspillindustri sliter tungt fordi den ikke støttes gjennom et offentlig virkemiddelapparat når den produserer norskspråklige spill i konkurranse med engelskspråklige spill med et enormt mye større marked. Det samme gjelder norskspråklig animasjonsfilm.”

13.4 Open programvare i Noreg

I desember 2003 sende Nærings- og handelsdepartementet til høyring ei utgreiing om open programvare i Noreg. Språkrådet leverte ei høyringsfråsegn i januar 2004. Språkrådet peikte særleg på det prinsipielle i at mest mogleg programvare for sluttbrukarar skal vera tilgjengeleg på begge målformer samstundes.

14 ANNA VERKSEMD

14.1 Standard Norge

Språkrådet er blant stiftarane av den nasjonale standardiseringsinstitusjonen *Standard Norge*, som vart skipa hausten 2003 gjennom samanslåing av fleire særinstitusjonar på standardiseringsområdet.

I januar 2004 vart skipinga av den nye institusjonen markert ved ei offisiell samkome. I juni var det årsmøte i representantskapet. Språkrådet var representert ved begge høva.

14.2 Hundreårsmarkeringa 1905–2005

Norsk språkråd har vore med i planlegginga av hundreårsmarkering av unionsoppløysinga på to hald:

I kommunane Bærum og Asker er det planlagt ei markering der språk og identitet er hovudtemaet. Norsk språkråd er ein av mange samarbeidspartnarar og bidragsytarar.

I Stavanger er språk og språkutvikling temaet for ei opplevingsutstilling på Kultur-
torget, Sølvberget, våren 2005. Seinare på året skal utstillinga vandra vidare til tre
andre utstillingsstader.

15 ADMINISTRASJON

15.1 Budsjett og rekneskap for 2004

Opphavleg løyving	15 090 000
Del av pålagd innsparing	- 18 000
Reduksjon pga. underskot i 2003	- 65 000
Auke pga. kompensasjon for ny elavgift	24 000
Auke pga. kompensasjon for lønnsoppgjeret	337 000
Sum løyving	15 368 000

	Rekneskap	Budsjett
01 Løn og godtgjersler	9 371 671	9 209 940
01 Varer og tenester	5 213 512	6 158 060
Sum kapittel 0326	14 585 183	15 368 000
01 Ymse inntekter	256 230	180 000
16 Refusjonar	136 531	185 000
Sum kapittel 3326	392 761	365 000

Faktiske inntekter	392 761
Inntektskrav	-365 000
Budsjetterte kostnader	15 368 000
Faktiske kostnader	-14 585 183
Resultat (overskot)	810 578

15.2 Møte i råd, styre, interimsstyre og fagnemnd

Rådet hadde årsmøte på Lysebu konferansesenter i Oslo 12.–13. februar 2004. I tillegg til vanlege årsmøtesaker behandla rådet rettskrivingsframlegg frå fagnemnda frå året 2003. Ei viktig sak på møtet var omdanninga av Norsk språkråd, og ein av årsmøtedagane vart nytta til eit seminar om emnet med innbedne deltakarar. (Jf. pkt. 2.1.)

Det ordinære styret har hatt eitt møte: 11. februar. Dessutan hadde seksjonsleiarane Fretland og Haugen eit møte med Lomheim og Hovdenak 19. mai.

Interimsstyret vart oppnemnt i brev frå Kultur- og kyrkjedepartementet 2. juni 2004. Det hadde først eit oppstartseminar 30. juni, og har deretter hatt tre styremøte: 20. september, 26. oktober og 30. november.

Fagnemnda har hatt møte 28. april, 20. oktober og 15. desember.

I samband med rettskrivingsvedtak frå fagnemnda i 2004 hadde dei to seksjonsleiarane Fretland og Haugen eit telefonmøte 22. desember. Dei behandla då framlegga til vedtak og sende dei over til Kultur- og kyrkjedepartementet til godkjenning. (Jf. pkt. 3.2.)

15.3 Oppdatering av biblioteket

I 2004 vart bøkene i biblioteket registrerte og gjorde elektronisk søkbare i ein database. Registreringsarbeidet tok til i slutten av juni og vart gjort av Kari Kalland (nyutdanna bibliotekar), og Turid Nilsen (sisteårsstudent ved bibliotekutdanninga på Høgskolen i Oslo). Arbeidet var ferdig ved årsskiftet.

Dokumenta i biblioteket har tidlegare anten vore registrerte i ein gammal kortkatalog, eller har ikkje vore registrerte i det heile. Alle (unnateke læreboksamlinga og tidskrifta) er no elektronisk registrerte, i tillegg til at dei er nyklassifiserte og katalogiserte. Det var nødvendig med nyklassifisering på grunn av ny utgåve av Deweys desimalklassifisering (DDK). Dokumentattfinninga er forenkla i og med den elektroniske registreringa. Ein kan finna dokument ved å søkja på forfattar, tittel, emneord osv., og dei tilsette i Språkrådet kan søkja i katalogen frå kontora sine. Språkrådet har abonnement på NORART (database over norske tidsskriftartiklar) og har tilgjenge til andre nordiske artikkelbasar. Dette er ei rimeleg løysning som lettar attfinning av tidsskriftartiklar.

Etter at prosjektperioden no er over, er det arkivaren som skal ha som del av si stilling å klassifisera og registrera nye bøker og syta for at databasen blir halden ved like.

15.4 Arkivet i Norsk språkråd

I 2004 vart det utvikla ein ny arkivnøkkel i Norsk språkråd. Arbeidet vart påbegynt av ei intern prosjektgruppe hausten 2003 og var knytt til planar om overgang til elektronisk saksbehandling.

Då prosjektet for elektronisk saksbehandling vart lagt på is, vart også arbeidet med ny arkivnøkkel lagt til sides. Sidan Norsk språkråd skulle leggjast ned og eit nytt organ skulle opprettast frå 2005, var det likevel viktig å få på plass ny arkivnøkkel, uavhengig av elektronisk saksbehandling. Arbeidet med arkivnøkkelen vart teke opp att hausten 2004, og ein testversjon vart ferdig for årsskiftet 2004/05.

I samband med overgangen til eit nytt organ vart det i desember 2004 oppretta eit nytt elektronisk arkivsystem for det nye Språkrådet. Språkrådet vil etter årsskiftet 2004/05 ha tilgang til to arkivsystem, eit historisk (Norsk språkråds saker) og eit aktivt (sakene til det nye Språkrådet).

15.5 Flytting til nye lokale

I 2004 vart det klart at sekretariatet i Norsk språkråd skal flytta til nye lokale i eit tilbygg til Nasjonalbiblioteket på Drammensveien i Oslo. Det er sett ned ei intern brukargruppe, og Språkrådet har vore i møte med Kultur- og kyrkjedepartementet, med dei andre leigetakarane og med arkitekten og utbyggjaren.

15.6 Oppgåvene til direktøren

Direktøren har to hovudoppgåver – på den eine sida å ha det daglege ansvaret for at omdanninga av Norsk språkråd går etter dei retningslinjene som departementet har trekt opp, på den andre sida å skapa merksemd og interesse ute i samfunnet for både det arbeidet som skjer i statens språkorgan, og det arbeidet som er planlagt å skje der.

Arbeidet med den nye språkpolitikken og den organisatoriske omdanninga er omtala i kapittel 2. Når det gjeld arbeidet med å skapa interesse for språkorganet ute i samfunnet, har dette skjedd ved at direktøren har delteke i fjernsynsprogram og radioprogram og ved innlegg og oppslag i avisene. Dessutan har han gjennom året sagt ja til ei rekkje førespurnader om foredrag og talar, frå Vesterålen i nord til Mandal i sør (mellom 35 og 40 foredrag).

Direktøren har møtt i Nordens språkråd, saman med avdelingsdirektør Borghild Abusland, Utdannings- og forskingsdepartementet. Varamedlemmer er professor Brit Mæhlum, NTNU og seniorrådgjevar Ingvar Engen, Kultur- og kyrkjedepartementet. Det nordiske samarbeidet er elles utførleg omtala i kapittel 11.

15.7 Konferansar, seminar og anna der Språkrådet har vore representert eller har stått som arrangør eller medarrangør

- 13.1.04 Markering av det nye Standard Norge, Oslo. Ingrid Dahlø, Jan Hoel
- 30.1.–1.2.04 Symposium om bilingval leksikografi i Norden, Schæffergården, Danmark. Rikke Hauge
- 6.–7.2.04 Rådsmøte i Nordisk språkråd, Oslo. Torbjørg Breivik, Rikke Hauge, Ola Haugen
- 10.2.04 Software 2004, Oslo. Jan Hoel
- 12.2.04 Seminaret ”Nye vegar i norsk språkpolitikk?”, Oslo
- 26.2.04 Foredrag om norsk språk og Norsk språkråd, Vitenskapskapet, Trondheim. Sylfest Lomheim
- 16.3.04 Foredrag om regionutvikling og språk, Vesterålen Regionråd. Sylfest Lomheim
- 30.3.04 Språkteknologiforum, København. Torbjørg Breivik
- 15.4.04 Orientering om rettskrivingsreglar, Norges Diabetesforbund, Oslo. Eilov Runnestø
- 23.4.05 Nordisk nettverk for språkteknologi (NorDokNet), København. Torbjørg Breivik
- 6.–9.5.04 Styremøte og nettverksmøte i Importordprosjektet, Tórshavn. Torbjørg Breivik
- 25.5.05 Årsmøte i representantskapet for Standard Norge, Oslo. Ingrid Dahlø, Jan Hoel
- 7.–8.6.04 Nordisk konferanse om ”parallellspråk” i høgare utdanning ”Engelsken og dei nordiske språka på høgskolar og universitet”, Oslo
- 22.6.04 ”Kor viktig er nynorsken for Vestlandet?” innlegg på Vestlandsrådets regionmøte i Førde. Sylfest Lomheim
- 22.6.04 Møte i Nordisk ministerråd og Nordisk Kulturfond, København. Torbjørg Breivik
- 2.9.04 Opningskonferansen for Nynorsk mediesenter, Førde. Sylfest Lomheim
- 26.8.04 Nettverksmøte for språknemndene, Tórshavn. Torbjørg Breivik, Rikke Hauge
- 27.–28.8.04 Nordisk språkmøte, Tórshavn. Tema: ”Språknormering og språkendingar”. Norske innlegg av Helge Sandøy og Sylfest Lomheim
- 24.9.04 ”Paradigmeskifte i norsk språkdebatt”, nasjonal dagskonferanse i regi av Hafstad vidaregåande skule, Førde. Sylfest Lomheim
- 30.9.04 Foredrag på ”Hieronymus-dagen”, Norsk Oversetterforenings årsmøte, Oslo. Sylfest Lomheim
- 7.10.04 Styremøte i prosjektet ”Internordisk språkforståing”, København. Torbjørg Breivik, Rikke Hauge
- 8.10.04 Nordisk nettverk for språkteknologi (NorDokNet), Helsingfors. Torbjørg Breivik
- 13.10.04 Språkrådets strategikonferanse om terminologi og fagspråk, ”Hvem tar ansvaret for fagterminologien?”, Oslo. Jan Hoel, Sylfest Lomheim. Styreleiar Tove Kristin Karlsen opna konferansen
- 18.10.04 Dansk datatermgruppe, Danterm-senteret, København. Torbjørg Breivik

- 4.–5.11.04 Nynorsk innhald på nettet, Nynorsk kultursentrum, Ørsta. Jon Grepstad
- 4.–6.11.04 Nordisk konferanse om klarspråk, Kongsberg. Norske innlegg av Jan Olav Fretland og Sylfest Lomheim. Styreleiar Tove Kristin Karlsen opna konferansen. Ansvarshavarar: Torbjørg Breivik, Rikke Hauge og Jostein Stokkeland
- 7.–8.11.04 Årskonferanse i EFNIL, samarbeidsorganet til dei europeiske språknemndene, Paris. Sylfest Lomheim
- 11.–12.11.04 Nasjonal konferanse om norskfaget i skulen, Oslo. Jan Olav Fretland og Sylfest Lomheim
- 12.–14.11.04 Nettverksmøte og styremøte i ”Importordprosjektet”, Helsingfors. Torbjørg Breivik, Rikke Hauge
- 18.–19.11.04 Den første forskingskonferansen om norsk som andrespråk, Hamar. Sigfrid Tvitekkja
- 19.11.04 ”Eit nytt språkråd – ein ny språkpolitikk?” og ”Normeringsarbeidet etter 2000”. Seminar for nynorskmetjarar i Norsk faglitterær forfatter- og oversetterforening, Oslo. Eilov Runnestø
- 26.–27.11.04 Den europeiske terminologiforeiningas (EAFTs) *Second Terminology Summit*, Barcelona, Jan Hoel
- 9.12.04 Foredrag ”Om normering og omdanning av Norsk språkråd” Vitenskapsakademiet, Oslo. Sylfest Lomheim
- 11.–13.12.04 LT World, Saarbrücken, Tyskland. Torbjørg Breivik
- 14.12.04 Styremøte i prosjektet ”Internordisk språkforståelse”, København. Torbjørg Breivik, Rikke Hauge

Oslo, april 2005

Jan Olav Fretland
rådsleiar
Norsk språkråd

Tove Kristin Karlsen
styreleiar
interimsstyret

Sylfest Lomheim
direktør
sekretariatet

VEDLEGG

Vedlegg 1 Lov av 18. juni 1971 om Norsk språkråd (oppheva 18. november 2004)

§ 1

Det opprettes et råd for språkvern og språkdyrking. Rådet skal ha navnet Norsk språkråd.

Norsk språkråd skal

- a) verne om den kulturarv som norsk skriftspråk og talespråk representerer, fremme tiltak som kan øke kunnskapen om norsk språk, dets historie og egenart, fremme toleranse og gjensidig respekt i forholdet mellom alle som bruker norsk språk i dets forskjellige varianter, og verne om den enkelte borgers rettigheter når det gjelder bruken av språket,
- b) - - -
- c) gi myndighetene råd i språkspørsmål, særlig når det gjelder språkbruken i skolen, i Norsk Rikskringkasting og i statstjenesten, uttale seg om prinsipper for normering av skriftspråket og av stedsnavn, og komme med forslag om lovgivning i språkspørsmål,
- d) gi råd og rettledning til allmennheten,
- e) fremme og delta i nordisk samarbeid om språkdyrking, og sørge for at resultatene av rådets arbeid blir gjort kjent.

Endret ved lov 13. des. 2002 nr. 80.

§ 2

Kongen fastsetter nærmere vedtekter for rådets sammensetning, organisasjon og virksomhet.

§ 3

Denne lov trer i kraft fra den dag Kongen bestemmer.

Fra 1. jan. 1972 iflg. res. 29. okt. 1971.

Lovendring 13. desember 2002

Stortinget vedtok 5. desember 2002 lov om endring i lov 18. juni 1971 nr. 79 om Norsk språkråd. Lovendringa vart sanksjonert i statsråd 13. desember 2002 og tok til å gjelda frå same dato. Endringa var i samsvar med framlegget frå regjeringa i Ot.prp.

nr. 95 (2001–2002), jf. også Innst. O. nr. 3 (2002–2003). Etter dette er heile bokstav b i § 1 i lov om Norsk språkråd oppheva.

Vedlegg 2 Vedtekter for Norsk språkråd gjeldande frå 12. februar 2004

fastsette ved kronprinsregentens resolusjon 9. januar 2004⁵. (Jf. brev frå Kultur- og kyrkjedepartementet 19. januar 2004.)

”§ 1. Rådets sammensetning

Norsk språkråd består av 38 medlemmer fordelt på to like seksjoner, en for bokmål og en for nynorsk.

For medlemmene oppnevnes varamedlemmer.

Rådets medlemmer blir ordinært oppnevnt for fire år. Følgende institusjoner oppnevner rådets medlemmer og varamedlemmer:

	Bokmål	Nynorsk
Norske universiteter og vitenskapelige høyskoler ved Universitets- og høyskolerådet	3	3
Grunnskolen ved sin lærerorganisasjon	1	1
Den videregående skolen, folkehøgskolen og lærerhøgskolen ved sine lærerorganisasjoner	1	1
Landslaget for norskundervisning	1	1
Den norske Forfatterforening	2	2
Norsk faglitterær forfatter- og oversetterforening	1	1
Norsk Oversetterforening, Statsautoriserte translatores forening og Oversetterutvalget i Norsk faglitterær forfatter- og oversetterforening	1	1
Den norske Forleggerforening	1	1
Norsk Presseforbund	1	1
Norsk rikskringkasting ved styret	1	1
Riksmålsforbundet	2	
Det Norske Akademi for Sprog og Litteratur	2	
Noregs Mållag		2
Det Norske Samlaget		1
Norsk Måldyrkingslag		1
Landslaget for språklig samling	1	1
Norsk Skuespillerforbund	1	1

Det rådet som ble oppnevnt ved årsskiftet 1999/2000 og trådte i funksjon i forbindelse med rådmøtet i 2000, får forlenget sin funksjonstid inntil videre.

⁵ [Byggjer på vedtekter for Norsk språkråd fastsette ved kongeleg resolusjon 29. oktober 1971, med seinare endringar 7. april 1972, 9. januar 1976, 25. november 1983, 10. februar 1984, 20. november 1987 og 10. januar 1992. Jamfør Årsmelding 2003 frå Norsk språkråd, vedlegg 2.]

Dersom en institusjon eller organisasjon som oppnevner medlemmer og varamedlemmer i rådet, opphører eller vesentlig endrer sin virksomhet, kan Kongen endre rådets sammensetning også med virkning for medlemmer hvis funksjonstid ikke er ute. Blant sine medlemmer velger rådet selv en fagnemnd på åtte medlemmer, fire fra hver seksjon, med personlige vararepresentanter.

Medlemmene av fagnemnda har for øvrig de samme rettigheter og plikter som andre medlemmer i rådet.

§ 2. Råds- og seksjonsledere, interimsstyre og fagnemnd

Hver seksjon i rådet velger sin leder for ett år om gangen. Seksjonslederne er skiftevis, ett år om gangen, leder og nestleder i rådet. Ved første valg avgjøres ved loddtrekning hvilken seksjon som skal ha ledervervet i rådet.

Seksjonene i fagnemnda velger for ett år om gangen hver sin leder. De to er skiftevis leder og nestleder i den samlede fagnemnd, slik at lederen i fagnemnda alltid er fra den seksjon som ikke har ledervervet i rådet.

De ordinære styrefunksjonene ivaretas av et interimsstyre oppnevnt av Kultur- og kirkedepartementet. Seksjonslederne representerer rådet i interimsstyret.

§ 3. Møter i rådet og i fagnemnda

Rådet holder ordinært minst ett møte om året. Seksjonslederne innkaller til rådsmøter med minst 2 ukers varsel. Sakliste sendes medlemmene innen samme frist. Ingen sak må tas opp til avgjørelse på rådsmøtet hvis den ikke har vært ført på saklista, med mindre rådet enstemmig beslutter det. Rådet skal innkalles hvis minst 13 medlemmer krever det.

Rådets fagnemnd møter så ofte som nødvendig. Lederen i fagnemnda sørger for å kalle inn til møtene.

Seksjonslederne møter så ofte som nødvendig. Rådslederen sørger for å kalle inn til møtene.

§ 4. Saksbehandling og vedtak

Saker i rådet avgjøres enten i plenum eller i en seksjon. Saker som i betydelig grad berører begge språkformer, skal alltid avgjøres av rådet i plenum. Slike saker skal enten legges fram direkte for rådet i plenum eller først legges fram for den ene eller for hver av seksjonene til uttalelse. Saker som berører den ene språkform, men ikke i betydelig grad den andre, skal avgjøres i den seksjon som saken berører, men også da etter forutgående drøfting i plenum, jfr. dog annet ledd siste punkt.

Det er seksjonslederne som avgjør hvilke saker som skal legges fram direkte for rådet i plenum til avgjørelse, og hvilke som først skal legges fram for den ene eller for hver av seksjonene til uttalelse. Seksjonslederne kan også treffe beslutning om at saker som etter første ledds siste punkt skal avgjøres i en seksjon, skal legges direkte fram for vedkommende seksjon til avgjørelse uten forutgående drøfting i plenum. Saker av rent språklig karakter kan seksjonslederne legge direkte fram for fagnemnda uten forutgående drøfting i rådet i plenum, dersom saken haster eller dersom seksjonslederne etter omstendighetene for øvrig finner det hensiktsmessig.

En sak som seksjonslederne har lagt fram for rådet i plenum til direkte avgjørelse, skal, før avgjørelse treffes i plenum, også legges fram for den ene seksjon eller for hver av seksjonene, dersom dette blir krevd av fire medlemmer av vedkommende seksjon. Alle avgjørelser ved plenumsbehandling i rådet krever flertall innenfor hver av seksjonene.

Rådet er vedtaksført når minst 13 medlemmer fra hver av seksjonene er til stede. Alle avgjørelser i seksjonen treffes ved simpelt flertall. I tilfelle stemmelikhet er lederens stemme avgjørende.

Seksjonen er vedtaksfør når minst 13 medlemmer er til stede.

§ 5. Fullmakter i normeringsspørsmål

Norsk språkråd har fullmakt til å gjøre endelig vedtak i normeringsspørsmål som gjelder

- a. skrivemåte og bøyning av nye ord og andre enkeltord som ikke tidligere er normert i norsk (gjelder også transkripsjon av utenlandske navn)
- b. forkortelser
- c. tegnsetting
- d. datering og andre talluttrykk
- e. stor eller liten forbokstav
- f. særskrivning eller sammenskriving
- g. orddeling

Vedtak om gjennomgripende endringer av hele systemer og vedtak om endring i skrivemåte eller bøyning av enkeltord som tidligere er normert i norsk, skal legges fram for departementet til godkjenning.

§ 6. Seksjonsledernes oppgaver

Seksjonslederne fordeler de saker som kommer inn til Språkrådet, forbereder rådsmøtene, innkaller til møtene og har ansvaret for at rådets vedtak blir gjennomført. Seksjonslederne varetar rådets kontakt med myndighetene og representerer rådet i tiden mellom rådsmøtene.

Seksjonslederne utarbeider for rådet forslag til budsjett og årsmelding, og sørger for at budsjettforslag, regnskap og årsmelding, som også omfatter fagnemndas virksomhet, er innsendt til departementet innen den fastsatte frist for budsjettframlegg. Årsmeldingen sendes til alle oppnevnte institusjoner og organisasjoner. Seksjonslederne har innen budsjettets ramme adgang til å la særutvalg eller enkeltpersoner ta seg av særlige spørsmål.

§ 7. Fagnemndas oppgaver

Fagnemnda er et faglig konsultativt organ innen Norsk språkråd.

Etter oppdrag fra rådet skal nemnda utrede spørsmål av rent språklig karakter, og stå til konsultativ tjeneste for myndighetene, offentlige institusjoner, presse og allmennhet i faglige språkspørsmål.

Konkrete oppgaver for fagnemnda er f.eks.:

1. å gi rettleiing om språkbruk, ortografi, terminologi, syntaks og stil i lærebøkene for skoleverket,
2. å fremme enhet i terminologi innenfor hver språkgruppe, og, så langt det er naturlig, for begge språkgrupper under ett,
3. å registrere utviklingen av norsk skriftspråk og talespråk i samarbeid med språkvitenskapelige institusjoner,
4. å vareta rådets kontakt og samarbeid med liknende institusjoner i andre nordiske land. Seksjonslederne kan innenfor rammen av denne paragraf gi nærmere instruks for fagnemndas virksomhet, herunder spørsmålet om delegering av avgjørende myndighet til nemnda i rent språklige spørsmål.

§ 8. Sekretariatet

Til det daglige arbeid får Norsk språkråd et sekretariat med nødvendig sekretærhjelp for hver språkform og ellers den kontorhjelp som trengs.”

Vedlegg 3 Mandat for interimsstyret

Fastsett av Kultur- og kyrkjedepartementet 6. mai 2004

Innanfor dei rammene som blir fastlagde av Kultur- og kyrkjedepartementet, har interimsstyret det overordna ansvaret for å førebu etablering av eit nytt kompetansesenter for norsk språk gjennom omdanning av Norsk språkråd og å leia arbeidet med den nærmare utforminga og innretninga av den nye institusjonen. Interimsstyret skal i så måte arbeida med utgangspunkt i vedlagde prosjektskisse av 24. mars 2003 og seinare grunnlagsdokument, jf. særleg vedlagde høyringsbrev av 20. januar 2004.

Som ein del av omdanningsprosessen vil interimsstyret i samråd med direktøren ha ansvaret for å få utarbeidd eit strategidokument for den nye institusjonen. For dette formål kan interimsstyret oppnemna ei arbeidsgruppe med i hovudsak eksterne medlemmer, men der også interimsstyret sjølv og dei tilsette er representerte.

Inntil den nye institusjonen er etablert, skal interimsstyret også ivareta dei ordinære styrefunksjonane for Norsk språkråd slik det er fastsett i vedtektene for Norsk språkråd etter at desse vart endra ved kronprinsregentens resolusjon av 9. januar 2004. Etter at den nye institusjonen er etablert, skal interimsstyret halda fram som ordinært styre inntil Kultur- og kyrkjedepartementet har fastlagt og fått på plass ei permanent styringsordning for institusjonen.

Interimsstyret har ansvar for å sjå til at den nye institusjonen byggjer ut den vidare samfunnsforankringa si slik det er understreka i relevante grunnlagsdokument, jf. særleg prosjektskissa av 24. mars 2004 og høyringsdokumentet av 20. januar 2004.

Interimsstyret har ansvar for å ta opp alle spørsmål som er relevante for å gjennomføra omdanningsprosessen og etableringa av den nye institusjonen. Interimsstyret skal i så måte stå i nær kontakt med departementet, og alle viktige spørsmål og alle saker som måtte ha økonomiske konsekvensar utover vedteke budsjett, skal leggjast fram for departementet til godkjenning. Interimsstyret skal elles gje tilbakemelding i saker og spørsmål som det måtte bli presentert for av departementet.

Sekretærfunksjonen for interimsstyret ligg til direktøren, som elles har den daglege leiinga både av omdanningsprosessen, verksemda i Norsk språkråd og seinare den nye institusjonen.

I tilsetjingssaker skal interimsstyret supplerast med representantar for dei tilsette i medhald av tenestemannslova § 5 nr. 2.

Interimsstyret skal leggja fram eit overordna budsjettframlegg for departementet.

Departementet vil kunna endra mandatet og samansetjinga av interimsstyret undervegs.

Vedlegg 4 Mandat for strategigruppa

Behandla i interimstyret i Norsk språkråd 20. september 2004

Strategigruppa skal utarbeida eit dokument som drøftar utfordringane og set opp måla for den nasjonale språkpolitikken.

Dokumentet skal skissera kulturpolitiske og utdanningspolitiske verkemiddel og tiltak som gjer det mogeleg å takla utfordringane og å nå måla. Det bør gje eit omriss av dagens språksituasjon i eit omfang som er nødvendig for å gå inn i drøftinga av den utviklinga me står framfor. Dokumentet bør fokusera på tiltak, haldningsbygging og strategiske mål. Heile arbeidet bør sjåast som eit politisk og strategisk innspel til kulturpolitikken dei neste tjue åra fram til 2025, men gjerne slik at ein legg hovudvekta på det komande tiåret.

Strategigruppa kan ha det lange perspektivet 2005–2105 som utgangspunkt: Målet for språkpolitikken er å leggja eit best mogeleg grunnlag for at norsk skal vera eit samfunnsberande skriftspråk om hundre år. Kor alvorleg trusselen etter kvart kan bli, er det naturlegvis ingen som veit i dag, og det er heller ikkje noko poeng å drøfta den problemstillinga svært inngåande. Men det er ein premiss for arbeidet som må vera klar for alle: Framtida for norsk språk – til liks med andre europeiske språk – er utrygg.

Strategigruppa kan vurdere å trekkja inn andre personar i prosessen, i tillegg til ressursgruppa. Ressursgruppa skal fungera slik som namnet seier – som ein fagleg og strategisk ressurs under prosessen.

Strategigruppa skal ha sekretærressursar i Språkrådet både av fagleg og praktisk art. Styret skal haldast underretta om framdrifta. Rapporten skal leverast seinast den 1. september 2005. Det er ønskjeleg at rapporten blir redigert på både bokmål og nynorsk. Han bør ikkje vera lengre enn 150 sider.